

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i kontrollutvalet – Jølster kommune

Utval: Kontrollutval – Jølster kommune
Møtedato: 26.02.2013
Møtetid: Kl. 12.00
Stad: Møterom 1
Møtenr.: 1/2013

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmannen sak 003/13.

Melding til: Ordførar(møterett), KRYSS-revisjon (møterett) og varamedlemmer
(varamedlemmer møter berre etter særskild innkalling).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon eller 976 15 363 eller på e-postadresse:
post@sekom.no

SAKLISTE

001/13: Godkjenning av sakliste og møteinnkalling.
002/13: Skriv og meldingar.
003/13: Vintervedlikehaldet 2011/2012.
004/13: Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016.
005/13: Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet.
006/13: Eigenvurdering oppdragsansvarleg revisor.
007/13: Møteplan 2013.
008/13: Oppfølgingsliste 1-2013 – Jølster.
009/13: Eventuelt.

Jølster, 14.02.2013/18.02.2013.

Audun Høyvik (s)
-leiar-



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

SEKOM-sekretariatet er eit samarbeidsorgan mellom kommunane i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

001/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 07.12.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	26.02.2013	001/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

002/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 07.02.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	26.02.2013	002/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 01-13 Brev frå KRYSS-revisjon til Jølster kommune – «Investeringar og framlegg av prosjektrekneskap – Jølster kommune, datert 23.11.2012.
- SM 02-13 Brev frå KRYSS-revisjon til Jølster kommune – «Rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald, m.v», datert 4. januar. 2013.
- SM 03-13 Brev frå Jølster kommune til Kryss revisjon om rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald mv, datert 07.02.2013.
- SM 04-13 Brev frå KRYSS-revisjon til Jølster kommune – «Avslutning av årsrekneskapen for år 2012», datert 4. januar 2012.
- SM 05-13 Årsrapport 2012 – Skatteoppkrevjaren i Jølster kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM 01-13



Dagleg leiar/
Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Jølster kommune
v/rådmannen

kopi: kommunekasserar

6843 Skei

Dykkar ref.:
Prosjektrekneskap. 2012,
Jølster kommune

Vår ref.:
F:\Jølster kommune
driftsmiddelmrådet 2012

Arkivkode:
216

Journalnr.:
041/2012

Dokumentdato:
23.11.2012

INVESTERINGAR OG FRAMLEGGING AV PROSJEKTRKESKAP – JØLSTER KOMMUNE.


Vi syner til Jølster kommune sitt reglement «økonomisk internkontroll» kap.10 om prosjektstyring/byggjerekneskap, som mellom anna omhandlar sluttrekneskap og politisk handsaming av ferdigstilte prosjekt, ref. til pkt. 16 c.

Revisjonen kan ikkje sjå at Jølster kommune har lagt fram ferdigstilte prosjekt for revisjon og politisk handsaming i 2012, og vi stiller spørsmål ved det.

Vi oppmodar om at arbeid med framlegging av eventuelt ferdigstilte prosjekt vert prioritert og at sluttrekneskap vert lagt fram for revisjonen i god tid før rekneskapsavslutning for 2012.

Førde, 23. november 2012

Terje Førde
Revisjonssjef
(sign)


Kari Håheim Sygna
Kommunerevisor I


Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Jølster kommune
v/ Rådmann

kopi: Ordfører
kontrollutvalet

6843 Skei i Jølster

Dykkar ref.:

Vår ref.:

\\misleghaldtilsyn13/ks13

Arkivkode:

216

Journalnr.:

002 / 2013

Dokumentdato:

4. januar 2013

RÅDMANNEN SITT TILSYN I FORHOLD TIL RISIKO FOR MISLEGHOLD, M.V. :

I følge gjeldande *revisjonsstandardar* (ISA) skal revisor opparbeide seg ei forståing av kommunen si verksemd og dei risikoforholda som knyter seg til den økonomiske rapporteringa i kommunen. Bakgrunnen for dette er at revisor skal kunne rette sin innsats inn imot områder der risikoen er størst for at vesentleg feilinformasjon, eller områder der faren for at feil og manglar av vesentleg karakter, kan oppstå. Dette enten slik feilinformasjon, eller feil og manglar, skuldast bevisste eller ubevisste feil.

For å vere oppdatert og dermed oppnå auke i forståinga av den kommunale verksemda og eksisterande risikoforhold, krev gjeldande revisjonsstandardar at *revisor skriftleg innhentar årleg uttale* frå leiinga i kommunen om korleis risiko for misleghald vert vurdert, korleis denne risikoen blir handtert, kommunikasjon nedover i organisasjonen i forhold til handtering av risiko, og kommunikasjon frå leiinga i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd.

Revisjonen tør derfor be om skriftleg tilbakemelding på følgjande:

- rådmannen si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sin rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald
- kva prosessar rådmannen har lagt opp til for å identifisere og handtere risiko for misleghald i kommunen – inkludert eventuelle betydelege risiko for misleghald som er identifisert, eller postar i rekneskapen eller opplysningar knytta til rekneskapen, der det er sannsynleg at det ligg føre misleghald
- kva eventuell kommunikasjon har rådmannen med Jølster kommunestyre vedkomande slike prosessar
- kva eventuell kommunikasjon rådmannen har med tilsette vedkomande eigne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk atferd
- om rådmannen har kjennskap til eventuelle faktiske, mistenkte eller påståtte misleghald i kommunen
- om rådmannen har kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldst misleghald som kan knytast til *realasjonar til nærståande partar* og transaksjonar med desse:

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora

Tlf. 57 75 60 97

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular

Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde

Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. 57 78 85 47

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no


- *kva er identiteten til kommunen sine nærståande partar og kva eventuelle endringar som har vore det siste året*
- *kva slags relasjonar kommunen har til desse nærståande parter, og*
- *korvidt kommunen har gjennomført transaksjonar med desse og i tilfelle ja, kva slags transaksjonar, og kva som var føremålet med transaksjonane*

Vi håper de kan gje oss nokre kommentarar til ovannemnde, og tør be om at rådmannen sitt svar tilbake til oss kan ligge føre innan 10. februar 2013.

Førde, 4. januar 2013
Med helsing

Terje Førde
Dagleg leiar/revisjonssjef
(sign.)


Kari Håheim Sygna
Kommunerevisor I
 **KRYSS REVISJON**
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD



12/2-13

Kryssrevisjon
Postboks 487
6801 FØRDE

07.02.2013

Vår ref
BOTV 13/63 - 2

Dykkar ref

Arkiv
216,

Løpenummer
13/694

Rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald m.v.

Rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald mv

Viser til brev frå Kryss revisjon datert 6. januar om rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald m.v.

Så langt rådmannen kjenner til inneheld ikkje rekneskapet til Jølster kommune for 2012 vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald.

Frå mars 2012, starta vi med scanning av alle innkomne fakturarar. Dette forenkler prosedyrane og sikrar mot «dobbeltilvising» og andre feilkjelder ved tilvising på papir. Vi har slik arbeidsdeling for innkomande faktura:

- Tenestekontoret/kommunekassen: Mottaksregistrering og scanning
 - Faktura går elektronisk til den som skal attestere
- Aktuell tenesteeining: Attestasjon og tilvising
 - Attestant sjekkar at innhaldet i faktura er rett og fører på konto og mva-kode før vidareending til tilvisar.
- Kommunekassa: Bokføring og utbetaling

Ved attestasjon og tilvising er hovudregelen at det skal vere 2 ulike tilsette som godkjenner: Ein som attesterer for at fakturaen er rett, fører på konto og mva-kode og ein som tilviser. Pr i dag er det nokre få av dei mindre einingane der dette ikkje er innført. Rådmannen har som mål at i løpet av 2013 skal alle tilviste rekningar vere godkjent av 2 ulike personar.

Ved mottaksregistrering/scanning vert faktura kontrollert og det vert stilt spørsmål dersom det er noko usikkert eller noko verkar uvanleg. Dersom det er faktura frå ein ny leverandør, vert organisasjonsnummer sjekka mot mva-registeret.

Ved attestasjon og tilvising skal rette vedkomande gå god for det faktiske innhaldet i faktura, at vare er motteken, påføre rett momskode og rett budsjettkonto. Kommunekassen bokfører på grunnlag av innkomen informasjon.

Telefon:
57 72 61 00
6843 SKEI

Telefaks:
57 72 61 01
postmottak@jolster.kommune.no

Bankgiro, skatt
6345.06.14310

Bankgiro:
3703.07.00024
www.jolster.kommune.no

Organisasjonsnr:
963 923 600

Vi har fokus på å opptre etisk og ha ryddige innkjøpsprosessar. Alt vi gjer skal vere sporbart og kunne kontrollerast av tredjeperson. Alle større innkjøp skal anten skje etter offentleg anbod eller etter å ha henta inn minst tre tilbod.

Hausten 2011 vart delegeringsreglementet revidert. Som ein del av dette arbeidet var det deltaking frå alle einingane med høve til innspel om endringar. Reglementet var også tema på tenesteleiarmøte. I den administrative delegeringa er det mellom anna laga retningslinjer for korleis delegert mynde skal handterast. I reglementet er både tilvisings- og innkjøpsmynde regulert.

Finansreglement er revidert og vi har som målsetjing å vurdere rutinar i økonomireglementet i 2012 med tanke på risiko for misleghald.

Vi har satt i gang eit arbeid med eigenvurdering av kommunen (CAF). I dette arbeidet er det blant anna fokus på kvalitetshjulet (planlegge – gjennomføre – evaluere – forbetre osv). Det er også fokus på dokumentasjon i form av rutinar, reglement osv som underbygger vurderinga. Neste runde i eigenvurderinga er planlagt i 2013.

Rådmannen har drøfta prioritering av arbeidsoppgåver med formannskap og kommunestyre. Mellom anna starta vi frå og med 2012 med ei "10 på topp"-liste med prioriterte arbeidsoppgåver ut over vanlege driftsoppgåver. Både under «Fornyingsarbeid» og «Kvalitetsutviklingsarbeid» er det prioritert arbeid som styrkar ressursstyring og intern kontroll.

Reglement og rutinar ligg på kommunen si nettside:

- Politikk: 10 på topp
- For tilsette: Personalpolitikk, kvalitetssystem, beredskapsplan, delegering

Den generelle delen av kvalitetssystemet er klar. Dei fleste einingane er også komne langt i den spesielle delen. Mellom anna er det pr i dag totalt ca 350 prosedyrar / rutinar som er ferdigstilt av einingane. I «10 på topp» for 2013 er arbeid med oppdatering av Internkontroll økonomi også prioritert. Det same gjeld rutinar og dokumentasjon av informasjonssikkerheit. 2 av punkta frå «10 på topp»:

• **Fornyingsarbeid.** Vi skal arbeide aktivt med fornyingsarbeid. Vidare arbeid med breibandutbygging er prioritert med blant anna kraftfond som kjelde for eigenfinansiering. I første halvår skal vi innføre ressursstyringsprogram med kopling til lønssystem. Vi skal vidareutvikle kommunen si nettside, Facebookgruppe og nyoppretta Twitterprofil (november 2012).

• **Kvalitetsutviklingsarbeid.** Fullføre arbeidet med organisasjonsendringar som vi har starta no i haust. Ny CAF-gjennomgang. Revisjon av internkontroll økonomi som er moden for oppdatering. Vi skal få på plass gode rutinar med god dokumentasjon av informasjonssikkerheit.


Ein del av kvalitetssystemet er rutinar for korleis vi tek imot nytilsette. Her har vi laga prosedyre for gjennomføring og ei enkel brosjyre som den nytilsette får. I heftet er 1 av 4 sider tileigna kommunen sin verdiplattform. Rutinar og praktiske forhold for nytilsette var eit av hovudemna på tenesteleiarmøte den 23. januar 2013.

Kommunen si bankavtale var ut på anbod i 2012. Anbodet var eit samarbeid med dei andre kommunane i SIS. Alle kommunane var saman om vurderingane men det var Flora kommune som organiserte anbodsarbeidet. Resultatet var ei avtale med Sparebanken Sogn og Fjordane.


Vi har gått gjennom dei viktigaste områda for kommunale innkjøp med tanke på tilhøve mellom den som rekvirerer og selgjar. Så langt vi kan sjå er det ikkje nære slektsforhold eller andre relasjonar som krev nærare oppfølging.

Rådmannen har ikkje eigarinteresser eller slektsforhold til nokon av kommunen sine forretningsforbindelsar.

Med helsing



Børge Tvedt
Rådmann



Arnar Helgheim
Økonomi- og personalleiar

Jølster kommune
v/rådmannen
6843 Skei

Dykkar ref.:

Vår ref.:

\\årsavslutning2012

Arkivkode:

216

Journalnr.:

001 / 2013

Dokumentdato:

4. januar 2013

AVSLUTNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR ÅR 2012

Vi nærmar oss raskt fristen for rekneskapsavlegginga for 2012, og i den samanheng vil revisjonen alt no minne om at *kommunen* skal avlegge årsrekneskapen til *kommunerevisjonen* innan den frist som er sett i forskriftene § 10; dvs. innan den 15.02.13.

Vi ber om at årsrekneskapen vert *oversendt* Kryss Revisjon så snart den ligg føre. I samband med oversending av den ferdigstilte årsrekneskapen ønskjer vi å innhente eigen uttale frå kommuneleiinga. Vi ber såleis om at det vert utferdiga ei eigen *fullstendighetserklæring* (eit eksempel brev følger vedlagt) der det vert bekrefta at rekneskapen er *endeleg* avlagt, at den er *fullstendig og avstemt*, og at den *ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar*. I erklæringa til årsrekneskapen er det viktig at det blir gjeve opplysningar om andre vesentlege forhold som revisor bør ha med seg inn i det avsluttande revisjonsarbeidet for året. Vi viser til eksempel malen på ei slik erklæring (*vedlegg 1*).

Revisjonen vil legge *mottaksdato* til grunn for eigen frist for oversending av revidert årsrekneskap til *kontrollutvalet*, med vidare handsaming i *formannskap og kommunestyre*.

Etter økonomibestemmelsane er periodiseringsfristen **31.12**. Vi minner om *anordningsprinsippet* og at *Bokføringslova* sine bestemmelsar er gjeldande for kommunane. Som ei hjelp i arbeidet med å etterleve *dokumentasjonskrava* jf. Bokføringslova og dei kommunale økonomibestemmelsane elles, har vi laga eit samandrag som følgjer vedlagt dette skriv (*vedlegg 2*).

Vi minner elles om dei krav som er stilt til kommunen si årsmelding/årsrapport (rekneskapsforskrifta § 10) og til dei notekrav som er stilt til rekneskapspresentasjon. Forskriftene sin frist for levering av årsmeldinga/årsrapporten for 2012 er **31. mars 2013**.

Revisor skal stile revisjonsberetninga til kommunestyret v/ordføraren. Kopi går til *kontrollutvalet* som skal handsame årsrekneskap og revisjonsberetning og kome med *uttale, og/eller eventuelle desisjonsforslag*, før handsaming i formannskap og kommunestyre.

Det kan oppstå situasjonar der administrasjonen sjølv eller revisor finn feil og manglar i den avlagde rekneskap, som ein i samråd med revisor vel å retta opp. Dersom det av ulike årsaker blir føreteke endringar i rekneskapen etter at den er oversendt til revisor, skal det framleggast nytt rekneskap, med ny dato påført (bør vere som tillegg til opprinneleg dato) og nye underskrifter. Det må vere eit mål å ha minst mogleg med variantar av ein avlagd rekneskap, derfor bør det tilstrebast å ha ein mest mogleg korrekt, riktig og fullstendig rekneskap, med korrekte oversikter og rekneskapsutgreiingar når årsrekneskapen blir oversendt revisor.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. 57 75 60 97

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular

Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde

Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. 57 78 85 47

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no


Frå 2010 kom det endringar i revisjonsstandardene som gjer at revisor utformer revisjonsberetning til årsrekneskapen etter ein ny norm i forhold til tidlegare. Vi vil minne kommunane om at revisor etter det nye regelregimet no er forplikta til å skrive *negativ revisjonsberetning* den 15.04.13, dersom rekneskap og årsmelding/årsrapport ikkje ligg føre innan forskriftsfristane. Som nemndt ovanfor er det og krav til dokumentasjon av balanseverdier, jf. Bokføringslova. Vi minner og om at dokumentasjon på avstemd rekneskap skal leggjast fram for revisor.

Vi ser fram til eit konstruktivt samarbeid i det føreståande arbeidet med årsoppgjeret for 2012, og vonar administrasjonen legg opp rutinar som sikrar at økonomibestemmelsane og dei fristar som er sett, skal kunne overhaldast.

Vi ønskjer administrasjonen lukke til med det føreståande rekneskapsarbeidet kring årsoppgjeret for 2012.

Førde, 4. januar 2013
Med helsing

Terje Førde
Revisjonssjef
(sign.)


Kari Håheim Sygna
Kommunerevisor I
 **KRYSS REVISJON**
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Vedlegg:

Eksempel på *fullstendighetserklæring* til årsrekneskapen for 2012
Revisjonsnotat 05.01.12: 'Dokumentasjonskrav i bokføringslova'

Kopi til: Ordfører
Kontrollutval
Kommunekasserar

Vedlegg nr. 1:**Eksempel/mal for fullstendighetserklæring til årsrekneskapen 2012**

Til

KRYSS Revisjon

6800 Førde

**FULLSTENDIGHETSERKLÆRING VEDK. xxxxx KOMMUNE SIN
ÅRSREKNESKAP FOR 2012**

Vedlagt oversender vi endeleg, fullstendig og avstemt årsrekneskap m/vedlegg for kommunen for driftsåret 2012.

I tilknytning til kommunen si rekneskapsavlegging for 2012 bekrefter vi hermed følgjande, etter beste skjønn og overbevisning:

- Etter det vi kjenner til inneheld årsrekneskapen alle opplysningar om kjende økonomiske forpliktelser av betydning – både påløpne og betinga.
- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året ligg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlege forpliktelser for kommunen utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Alle vesentlege garantiforpliktelser for kommunen ved utgangen av rekneskapsåret er medteke i oversikta over garantiforpliktelser pr. 31.12.
- Så langt administrasjonen kjenner til har kommunen eigedomssrett til alle eigendelar oppført i balansen. Eigendelane var i kommunen si varetekt pr. 31.12. og var ikkje stilt som sikkerheit utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Vi kjenner ikkje til at kommunen har brote avtaler eller offentlege påbod på ein måte som kan påføre kommunen vesentlege økonomiske forpliktelser.
- Vi kjenner ikkje til at det er inntrufne hendingar etter utløpet av rekneskapsåret av vesentleg betydning for årsrekneskapen, utover det som fram går av dette.
- Vi har ikkje opplysningar om mislegheitar eller andre uregelmessigheiter av vesentleg betydning for årsrekneskapen som ikkje er kome til uttrykk i dette.
- Vi er kjende med vårt ansvar for å iverksette hensiktsmessige rekneskapsrutinar og kontrolltiltak for å forhindre og å avdekke mislegheiter og feil.
- Vi meiner at i den grad revisor har avdekka feil og manglar i årsrekneskapen som ikkje seinare er retta opp, dreier dette seg om forhold som både einskildvis og samla er uvesentlege for årsrekneskapen som heilheit. Vedlagt følgjer ei oppsummering av korleis slik ikkje-korrigert feilinformasjon virkar inn på årsrekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om alle viktige fakta vedkomande eventuelle mislegheiter eller mistankar om mislegheiter som kommuneleiinga er kjend med og som kan ha påverka kommunen.

- Vi har gjeve revisor opplysningar om resultata av våre vurderingar av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon som følgje av misligheiter.

((ta eventuelt inn andre aktuelle kulepunkt ved behov))

Eventuelle kommentarar til kulepunkta over (evt henvisningar til kommentarar i særskilt vedlegg); jfr. elles det som er nemnt i årsmeldinga/årsrapporten som vil følgje rekneskapssaka:

(Stad, dato)

(Administrasjonssjef/Rådmann) **(Økonomiansvarleg/rekneskapssjef)**

Vedlegg. Nr. 2**Revisjonsnotat 05.01.12;****Samandrag av 'Dokumentasjonskrav bokføringslova' – årsrekneskapen 2011**

Lova § 11 – Dokumentasjon av balanse (gjeld generelt)

- ☞ Ved utarbeiding av årsrekneskap *skal* det ligge føre dokumentasjon for **alle balanseposter med mindre dei er ubetydelege.**

Forskrift om bokføring:

§ 6-1 Varelager – i all hovudsak ikkje aktuelt for kommunal sektor

§ 6-2 Dokumentasjon av **bankinnskott, lånegjeld, kontantar**, o.l.

- ☞ Det skal ligge føre oppgåve frå finanseringsinstitusjon (bank, mv.)

NB! Bruk årsoppgåvene til kommunen for fullstendighet!

(> FAU, Elevråd, Klassekonti, osv., vurder vesentlegheit ifht å ta inn mot bunde fond)

>**Kontantkasser** – opptald ved årets slutt, datert, signert og evt differanser forklart!§ 6-3 Dokumentasjon av **finansielle instrument**

- ☞ Oppgåve frå VPS

§ 6-4 Dokumentasjon av **avsetningar**, nedskrivingar, mv.

- ☞ Skriftlegheit av vurderingar, berekningsmetodar og føresetnader.

Kunde- og leverandørreskontro:

- ☞ Aldersordelt saldoliste pr. 31.12.; verdi- og tapsvurdert – kva skal evt først bort som tapt

Andre fordringar, kortsiktig gjeld og interimskonti

- ☞ Beløpa skal vere dokumentert med henvisning til bilag og det er ein fordel at vesentlege bilag er kopiert og lagt ved som dokumentasjon på bokført balanseverdi!

Anleggsmidlar (NB ! Ikkje krav om at inngåande fakturaer må leggest til eige arkiv), men:

- ☞ **Årets tilgang:** jfr. balansen skal vere dokumentert med **klar samanheng** frå

Balansen på avskrivingsgrupper; jf. § 8 – **Anleggsregisteret** med avskrivingsgrupper og funksjonar – til **Investeringsrekneskapet** på avskrivingsgrupper og funksjonar (som gjev bilagshenvisning)

>Sum investeringsutgifter = Sum aktiviering i balansen !!

- ☞ **Årets avgang** i balansen med klar samanheng frå balansen – anleggsregisteret – investeringsrekneskapen

>NB ! Nedskriving utan salg framgår ikkje av investeringsrekneskapen, men skal dokumenterast med bilag

- ☞ **Avskrivningar;** jfr. anleggsmodul

>Påsjå at avskrivningar blir gjennomført korrekt (tilstrekkeleg avskrivningar, årets investeringar avskrivast normalt ikkje og då heller ikkje anskaffelsar over fleire år **før** ferdigstilt/teke i bruk**Omløpsaksjar skal nedskrivast; jfr. lavaste verdi's prinsipp, anleggsaksjar berre ved varig verdinedgang.****Hvis administrasjonen (rådmannen) meiner at verdipapirer bør (om-) klassifiserast som/til anleggsmidlar for å sleppe årleg nedskriving, husk då at :****Finansielle omløpsmidlar og – anleggsmidlar** (Forskjell/skilnad frå privat rekneskap !!!)

- ☞ Anleggsaksjar skal finansierast ved anskaffelsen (evnt. ved omklassifisering) !!! (NB!)
- ☞ Omløpsaksjar skal ikkje finansierast ved anskaffelsen !!!!

Vurdering av om aksjar er anleggsaksjar eller omløpsaksjar:

- ☞ Mest interessant ved anskaffelsen ifht finansiering
- ☞ Evt klassifisering av verdipapirer til anleggsmidar må:
 - >Finansierast fullt ut i investeringsrekneskapen utan bruk av lånemidlar og NB!!!:
 - >Salg av Anleggsmidar er investeringsinntekt i fht gevinst ved salg av omløpsmidlar som vil vere driftsinntekter !!!

Bundne fondsmidar:

- ☞ Skal vere dokumentert med bestemmelsen som gjer at midlane er bundne !
- ☞ All avsetning til og bruk av bundne fond skal vere dokumentert; dvs. at dette faktisk er korrekt at beløpet skal til/frå eit bunde fond
- ☞ Status pr. 31.12.:
 - >Skriftleg vurdering av om fondet faktisk er eit bunde fond pr. 31.12.
 - >Skal „bundne“ fondsmidar returnerast til (tilskots-) gjevar eller omklassifiserast ?
 - >> Ta ein gjennomgang på dette slik at ein evt får rydda opp her !
(i dialog/kommunikasjon med revisjonen ? – revisjonen bør vere orientert)

Disposisjonsfond / Frie fondsmidar:

- ☞ Er merka disposisjonsfond utgått; dvs. bør die tilbakeførast til generelt Disposisjonsfond ?
- ☞ Ubrukte midlar frå drifts- (års-) budsjettet 2011 kan ikkje automatisk avsettast til Disposisjonsfond med ‘merkelapp’ !
- ☞ Bruk av “merka” disposisjonsfond krev normalt budsjettvedtak; eventuelt delegert fullmakt frå Kommunestyret/Kommunestyret
 - >> Ta ein gjennomgang på dette slik at ein evt får gjort dette korrekt her !
(i dialog/kommunikasjon med revisjonen ? – revisjonen bør vere orientert)

Rekneskapsføring av avdrag på lån; jfr. KRS nr. 2, pkt. 3.2 og 3.3

- ☞ **Alle betalte avdrag** på lån skal som hovudregel utgiftsførast i driftsrekneskapen
 - >Ikkje lenger noko skiulle på ekstraordinære og ordinære avdrag ifht rekneskapsføring
- ☞ **Driftsrekneskapen skal minimum belastast** med avdragsutgift
tilsvarande minimumsavdrag.
- ☞ **Avdrag**; ut over minimumsavdrag, **finansiert med investeringsinntekter** (ekskl. overføringar frå driftsrekneskapen og bruk av disposisjonsfond) **skal** rekneskapsførast (utgift) i investeringsrekneskapen
- ☞ **Refinansiering av lån; jfr. pkt. 3.5**
 - >Det er stilt krav om at innfriing av gamal gjeld (lån) og opptak av ny gjeld (refinansiering) har ein **samanheng**, samtidigheit og må vere innafor same år !

Minimumsavdrag

KRS nr 3 inneheld ikkje reglar for korleis minste tillate avdrag (minmumsavdrag) skal be-reknast, men KRD (Kommunal og Regionaldepartementet) har gjeve to metoder; jfr. svar-brev av 25.09.2007 frå KRD til NKRF (Norges Kommunerevisorforbund).

☞ Kommunelova § 50, nr. 7

- >Gjenstående løpetid for kommunane si samla gjeldskommunerde kan ikkje overstige den veide levetida for kommunen sine anleggsmidar ved **siste årsskifte**.
- >Omfattar all langsiktig gjeld og alle anleggsmidar (Jfr. KL § 50, nr. 1 og 2)

☞ Kommunen må gjere greie for korleis kravet til minimumsavdrag er

Etterlevd og dokumentere dette som vedlegg til rekneskapen.

- >Når det gjeld metodane, *forenkla modell* og *reknearkmodellen*, så vert det vist til KRD-brev av 25.09.2007.



Årsrapport for 2012

Skatteoppkrevjaren i Jølster kommune

Innhald

1. Generelt om verksemda til skatteoppkrevjaren.....	3
1.1 Skatteoppkrevjarkontoret.....	3
1.1.1 Ressursar.....	3
1.1.2 Organisering.....	3
1.1.3 Ressursar og kompetanse.....	3
1.2 Internkontroll.....	3
1.3 Vurdering av skatteinngangen.....	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret.....	4
1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i regnskapsåret.....	4
1.4 Skatteutval.....	4
2. Skatteregnskapet.....	4
2.1 Avlegging av skatteregnskapet.....	4
2.2 Margin.....	5
2.2.1 Margin for inntektsår 2011.....	5
2.2.2 Margin for inntektsår 2012.....	5
2.2.3 Kommentatarar til marginavsetninga.....	5
3. Innkrevjing av krav.....	6
3.1 Restanseutviklinga.....	6
3.1.1 Totale restansar og berostilte krav.....	6
3.1.2 Kommentatarar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar.....	6
3.1.3 Restansar eldre år.....	7
3.1.4 Kommentatarar til restansar og restanseoppfølginga for eldre år.....	7
3.2 Effektiviteten på innkrevjinga.....	8
3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 31.12..2012.....	8
3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat.....	8
3.2.3 Omtale av spesielle forhold.....	9
3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga.....	9
3.3 Særnamskompetanse.....	9
4. Arbeidsgjevarkontroll.....	9
4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen.....	9
4.2 Planlagde og gjennomførte kontroller.....	9
4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen.....	9
4.4 Vurdering av Arbeidsgjevarkontrollen.....	10
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar.....	10
4.6 Gjennomførte informasjonstiltak.....	10

1. Generelt om verksemda til skatteoppkrevjaren

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret

1.1.1 Ressursar

Ressursfordeling	Årsverk	%-del fordelt
Tal årsverk ved skatteoppkrevjarkontoret som kunn er nytta til skatteoppkrevjarfunksjonen i regnskapsåret	1,0	100 %
Ressursbruk ved skatteoppkrevjarkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatteregnskap	0,25	25%
Innkrevjing av skatt og arbeidsgjevaravgift	0,50	50 %
Arbeidsgjevarkontroll og	0,15	15 %
Informasjon og rettleiing overfor skatte- og avgiftspliktige og regnskapsførarar/revisorar	0,05	5 %
Skatteutval		
Administrasjon	0,05	5 %
(Del fordelt skal være 100 %)	Sum	100 %

1.1.2 Organisering

Skatteoppkrevjar i 100% stilling utfører arbeidet på skatteområdet, jf. oppgåvene i Instruks for skatteoppkrevjarar, i tillegg har skatteoppkrevjaren ansvar for innkrevjing av kommunale krav og eigedomsgebyr. Stillinga er lokalisert til kommunekassen i Jølster, der Tenesteleiar rekneskap er tenesteleiar. Tenesteleiar rekneskap og førstekonsulent løn anviser utbetalningar, og vikarierer på skatteområdet ved ferie/fråvær av skatteoppkrevjaren. I tillegg til skatteoppkrevjarstillinga er kommunen med i eit interkommunalt samarbeid om arbeidsgjevarkontroll, 15% stilling.

1.1.3 Ressursar og kompetanse

Skatteoppkrevjaren deltek på kurs og anna opplæring, hovudsakleg gjennom SOFIE kompetansesenter.

Skatterekneskap – tilfredsstillande ressursituasjon, i periodar utfordrande å halde seg oppdatert på endringar og anna informasjon t.d. SOFIE-portalen og SKO-nett.

Innfordring - nokre restansar som krev meir ressursbruk enn andre, men i det daglege tilfredsstillande ressursituasjon. Kontoret nyttar seg av kompetansen hos Skatt vest i saker ein finn det nødvendig.

Arbeidsgjevarkontroll -- kommunen har budsjetttert med auka ressursar til interkommunal arbeidsgjevarkontroll, men det signaliserte utvida samarbeidet er pr 31.12.2012 ikkje etablert.

1.2 Internkontroll

Skatteoppkrevjaren utarbeider årleg verksemdplan med årsplan og kontrollplan.

Rutineskildringane er oppdaterte pr. 08.08.2012, og omtalar kva som inngår i internkontrollen.

Dei månadlege rapportane og kontrollane gjennom periodisk oppgjer er ein viktig del av internkontrollen, i tillegg til halvårleg gjennomgang av diverse rapportar på manuelt utførte aktivitetar.

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret

Kr 241 928 345,00

Rekneskapet syner at det er betalt inn kr 241 928 345,00 i skattar og avgifter som kjem inn under fellesinnkrevjinga og fordelt mellom skattekreditorane i rekneskapsåret 2012.

I 2011 var det innbetalt i kr 225 045 938,00 – det vil seie kr 16 882 407,00 (7,5%) i auka skatteinngang i 2012 i høve til fjoråret.

Samla skatteinnbetalingar i landet pr november 2012 hadde ein auke på 7,3 prosent i høve til i fjor jf SSB.

1.3.2 Kommunens del av skatteinngangen i regnskapsåret

Kr 65 971 439,00

Kommunen sin del av skatteinntektene i 2012: Kr 65 971 439,00

Kommunen sine budsjetterte inntekter i 2012 : Kr 58 500 000,00

Kommunen sin del av skatteinntektene i 2011: Kr 59 597 067,00 – dvs kr 6 374 372,00 (10,7%) auka inntekter i 2012 i høve til 2011.

1.4 Skatteutval

Tal saker som er handsama: 1

Sum ettergjewe beløp: 0

2. Skatteregnskapet

2.1 Avlegging av skatteregnskapet

Avlegging av skatteregnskapet

Skatteoppkrevjaren i Jølster kommune stadfestar at skatteregnskapet for 2012 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjarar § 3-1.

- Det er ikkje mottatt pålegg om regnskapsføring, rapportering og avlegging av skatteregnskapet frå regional kontrollenhet i 2012.

Årsrekneskapen for 2012 følgjer som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkrevjaren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2011

	Beløp
Innestående margin for inntektsår 2011, pr. 31.10.2012	31 959
For mykje avsett margin for inntektsår 2011	31 997
For lite avsett margin for inntektsår 2011	

Marginprosent

Vedtatt marginprosent: 10 %.

2.2.2 Margin for inntektsår 2012

Marginavsetting for inntektsår 2012, pr 31.12.2012: Kr 18 806 170,00

Marginprosent

Vedtatt marginprosent: 10%

2.2.3 Kommenterarar til marginavsettinga

Kommunen har avsett kr 31 959,00 for mykje margin for inntektsåret 2011. Det er ikkje vedteke endring i prosentsatsen for marginavsetting i løpet av året, ein vurderer at prosentsatsen er ikkje for høg, då det er eit mindre beløp som er for mykje avsett for 2011.

3. Innkrevjing av krav

3.1 Restanseutviklinga

3.1.1 Totale restansar og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2012	Herav berostilt restanse 31.12.2012	Restanse 31.12.2011	Herav berostilt restanse 31.12.2011	Endring i restanse Reduksjon (-) Auke (+)	Endring i berostilt restanse Reduksjon (-) Auke (+)
Sum restanse pr. skatteart	3 515 774	1 669	4 006 859	1 226	- 491 085	+443
Arbeidsgjevaravgift	26 435	0	21 972	0	+4 463	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forseinkingsrenter	731 741	242	744 222	242	-12 481	0
Forskotsskatt	0	0	0	0	0	0
Forskotsskatt person	498 478	0	576 992	0	-78 514	0
Forskotstrekk	0	0	41 274	0	-41 274	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innkrevjingsinntekter	26 469	0	21 911	0	+4 558	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	400	0	200	0	+200	0
Restskatt person	2 232 251	1 427	2 600 288	984	- 368 037	+443
Sum restanse diverse krav	0	0	0	0		
Diverse krav	0	0	0	0		
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	3 515 774	1 669	4 006 859	1 226		

3.1.2 Kommenterar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Totale restansar har minka med kr 491 085,00 pr. 31.12.2012 i høve til 31.12.2011.

Reduksjon i restanse for skatteart Restskatt person utgjer kr 368 037,00 av dette beløpet, i tillegg er det nedgang i restansane for skatteartane Forskotstrekk, Forskotsskatt person og Forseinkingsrenter, medan det er noko auke i restansane for skatteartane Restskatt, Arbeidsgjevaravgift og Innkrevjingsinntekter. Restanse arbeidsgjevaravgift gjeld to arbeidsgjevarar; 5t/12 og 6t/11, det eldste kravet er meldt som krav i konkursbu.

Rapporten Restanse – sum pr skatteart – aldersfordelt (restskatt og forskotsskatt person) pr 31.12.2012 samanlikna med 31.12.2011 syner nedgang i restansar for alle inntektsår (2011-2000).

Restanse Restskatt person inntektsår 2011 pr. 31.12.2012: kr 907 450, tilsvarende var restanse Restskatt person inntektsår 2010 pr 31.12.2011 kr 983 501 (pr 31.12.2012: 363 397).

Restanse Utskriven forskotsskatt inntektsår 2012 pr. 31.12.2012: kr 229 562, tilsvarende var restande Utskriven forskotsskatt inntektsår 2011 pr. 31.12.2011 kr 415 917 (pr 31.12.2012: 225 513).

Avskriving.

4 s/y, sum kr 449 606,00 – 1 gjennomført gjeldsordning etter GOL (447 237,00),
1 insolvent dødsbu, 1 forelda rentekrav, 1 bankgebyr trekt frå betaling ved overføring frå utland

Ettergjeving.

1 s/y, sum kr 38 132; forseinkingsrenter

Berostilte krav.

2 s/y, sum kr 443,00; personar busett i utlandet

Samansetting av restansar.

Nokre personlege s/y med store restansar over fleire år, også eldre år, både restskatt og forskotsskatt, to konkursbu. Endra likningar for eldre år med store restskattar.

Utlíkna skatt – tal frå rapporten ”Summarisk oversikt ” pr oktober-utlegg.

Utlíkna skatt for inntektsåret 2011: kr 196 098 000,00 - 2 238 s/y

Utlíkna skatt for inntektsåret 2010: kr 183 900 000,00 - 2 212 s/y

Arbeidsgjevaravgift

Utgåande balanse pr. 31.12.2012: kr 26 758 470,00

Utgåande balanse pr. 31.12.2011: kr 25 261 833,00

3.1.3 Restansar eldre år

Pr. 31.12.2012

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart ”Restskatt – person”
2010	390 244	363 397
2009	127 977	115 332
2008	85 122	52 083
2007 – 1996	1 509 865	-----

3.1.4 Kommenterarar til restansar og oppfølging av restansar for eldre år

Tal krav som var forelda pr. 31.12.2012: 5

Samla beløp på krav som var forelda pr. 31.12.2012: Kr. 5 988

Kontoret har gjennomgått rapporten ”Restanseliste – forelda krav” dato t.o.m. 31.12.2012.

Fire krav, tilsaman kr 5 928 vert å berostille.

3.2 Effektiviteten på innkrevjinga

3.2.1 Vurdering av kontoret sine resultat pr. 31.12.2012

Kommunenr:	1431			Jølster
Styringsparameter	Resultat pr. 31.12.12	Resultat-krav	Differanse	Kommentarer til avvik
2.3.1 Innbetalt skatt/avgift av sum krav siste år, fordelt på skatte-/avgiftsart				
c) Restskatt for personlige skattytere (2010)	95,2 %	94,2 %	1,0 %	Rød < -1% Gul -1% - 0% Grønn => 0% Linjeskift = Alt + Enter
d) Forskuddstrekk (2011)	100,0 %	99,9 %	0,1 %	Rød < -0,2% Gul -0,2% - 0% Grønn => 0% Linjeskift = Alt + Enter
e) Utskrevet forskuddsskatt for personlige skattytere (2011)	99,3 %	99,8 %	-0,5 %	Rød < -1% Gul -1% - 0% Grønn => 0% Linjeskift = Alt + Enter
f) Utskrevet forskuddsskatt for upersonlige skattytere (2011)	100,0 %	99,8 %	0,2 %	Rød < -0,2% Gul -0,2% - 0% Grønn => 0% Linjeskift = Alt + Enter
g) Restskatt for upersonlige skattytere (2010)	100,0 %	99,0 %	1,0 %	Rød < -1% Gul -1% - 0% Grønn => 0% Linjeskift = Alt + Enter
h) Arbeidsgiveravgift (2011)	100,0 %	99,9 %	0,1 %	Rød < -0,3% Gul -0,3% - 0% Grønn => 0% Linjeskift = Alt + Enter
2.3.1 b) Innfordret restskatt, person (2010)	69,4 %	70,0 %	-0,6 %	Rød < -5% Gul -5% - 0% Grønn => 0% Linjeskift = Alt + Enter

Resultatrapporteringa pr. 31.12.2012 syner at kontoret har oppnådd/ betre resultat enn resultatkrav, for fem av dei sju styringsparameterna innbetalt skatt/avgift er vurdert i. Det er ikkje vesentleg negative avvik på dei to resterande. (I forklaring til tabellen opplyser Skatt vest at raude felt er vesentlege avvik i innfordringa.)

3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat

Kontoret har frå og med inntektsåret 2008 nytta Debitortilpassa innfordring (DTI) i innfordring av restskatt, personleg s/y. DTI skal sikre lik handsaming av skuldnarane utifrå scoring og såleis ei innkrevjing som er tilpassa skuldnaren, like saker skal handsamast likt. DTI krev at ein følgjer innfordringsløpet, såleis vert ein «tett på» nye restansar.

Eldre restansar er ikkje omfatta av DTL, kontoret prøver til ei kvar tid å ha aktivitetar også mot desse krava.

Kontoret sitt aktivitetsomfang: Betalingsavtale (3), utleggstrekk (34), fastsetting ansvar utleggstrekk (1) vedtak ansvarskrav (1), motrekning (6), utleggsforretning jf særnamskompetanse (6), bistand utland (1), maskinell dekningskontroll (8), konkurs planlagt/samarbeid med Skatt vest (2). Det er registrert 19 telefoninkassosaker i tillegg til anna dialog med s/y pr. telefon.

Ut frå nedgangen i restansane jf pkt 3.1 meiner ein at aktivitetane som er nytta gjev resultat.

3.2.3 Omtale av spesielle forhold

Skatteytarar med stor restskattar, også endringssaker, for fleire inntektsår, jf pkt. 3.1.2. Mange utanlandske skatteytarar har fått feil i skatteoppgjøret pga "stille aksept"; manglar standard frådrag. Likningane vert ikkje retta utan at s/y sjølv sender inn rette opplysningar, ofte er s/y reist frå landet og restansane vert ståande, ofte for små til innkrevjing gjennom avtaler med andre land.

3.2.4 Eventuelle tiltak ved kontoret for å betre effektiviteten i innkrevjinga

Skatteoppkrevjaren deltek på aktuelle kurs og anna opplæring for å heve kompetansen, noko som på sikt kan gje betre effektivitet.

3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkrevjaren har nytta særnamskompetansen i seks saker; Intet til utleggforretningar og utlegg med pant i eigedom, pant er ikkje realisert.

4. Arbeidsgjevarkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen

Jølster kommune deltek i eit interkommunalt samarbeid om arbeidsgjevarkontrollen, som er organisert under Skatteoppkrevjaren i Førde. Jølster betaler for 15% stilling pr 31.12.2012, men har budsjettert med 30% stilling.

4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar

Tal planlagde kontrollar for 2012: 6

Som utgjer: 5,5 % av totalt tal leverandørar av LTO i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar 2012: 4

Som utgjer: 3,6 % av totalt tal leverandørar av LTO i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar i 2011: 5

4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen

Det er ikkje avdekka beløp i kontrollane som er gjennomførde i 2012, men det er gjeve merknader.

4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen

Kommunen har gjennomført fire av kontrollane som var planlagde, dette utgjør 3,6 % av tal leverandørar av LTO, kravet er 5%. Ein femte kontroll vart starta opp 10.10.2012, men pga meir arbeid enn rekna med, og innhenting av meir dokumentasjon, er kontrollen ikkje ferdig i 2012. Pga arbeidsmengda i høve til ressursane i kontrollsamarbeidet, fekk ikkje Jølster kommune den siste kontrollen i 2012, dette vart avklara så seint på året SKO ikkje hadde kapasitet til å ta ein formalkontroll.

Jølster kommunestyre har auka ressursane til arbeidsgjevarkontrollen med 15% til 30% stilling frå og med 2011. SKO Førde har sett inn ekstra ressursar i den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen.

I tillegg har det vore arbeidd med å få til eit større interkommunalt samarbeid for Sunnfjord og ytre Sogn, pr 31.12.2012 har dette ikkje lukkast å få til.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar


Kontoret har ikkje delteke i fellesaksjonar.

4.6 Gjennomførde informasjonstiltak

Det vert sendt ut informasjon til nye føretak/næringsdrivande gjennom skattekontoret; kort orientering på områda rekneskap, forskotsskatt, arbeidsgjevaravgift og registrering i mva-registeret.

Informasjon til arbeidsgjevarar og rekneskapsførar etter trong.

Skei i Jølster, 18. januar 2013



Karin Helgheim

Skatteoppkrevjaren i Jølster

Vedlegg: Årsrekneskap for 2012 med forklaring.

Arsrekneskap for Jølster kommune for rekneskapsåret 2012. Avlagt etter kontantprinsippet.

		2012	2011
1	Likvider	20 116 179	19 850 311
	Skyldig skattekreditorene	-1 309 242	-2 230 480
	Skyldig andre	-764	-5 221
	Innestående margin	-18 806 170	-17 614 607
	Udisponert resultat	-3	-3
Sum		0	0
2	Arbeidsgiveravgift	-26 758 470	-25 256 393
	Kildeskatt	0	0
	Personlige skatteyttere	-205 954 358	-192 707 336
	Selskapsskatt	-8 982 657	-7 163 875
	Renter	-242 348	87 940
	Innfordring	9 489	-6 274
Sum		-241 928 345	-225 045 938
3	Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	26 758 470	25 256 393
	Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	53 391 044	52 075 985
	Fordelt til Fylkeskommunen	12 723 917	11 838 735
	Fordelt til kommunen	65 971 439	59 597 067
	Fordelt til Staten	83 083 475	76 277 758
	Krav som er ufordelt	0	0
Sum		241 928 345	225 045 938
Sum totalt		0	0

Skel i Jølster, 18.01.2013
 SKATTEOPPKREVJAREN I JØLSTER

 Karin Helgheim
 Skatteoppkrevjar

FORKLARING TIL ÅRSREKNESKAPET

Generelt

Skatterekneskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Dette viser skattar og avgifter mv som er innbetalt i løpet av året, korleis desse fordeler seg på skatteartane, samt korleis innbetalte skattar og avgifter er fordelt mellom skattekreditorane.

Innbetalte skattar og avgifter vert fordelt mellom skattekreditorane i høve til gjeldande fordelingstal.

Hovedpostane i Årsrekneskapet

Likvider

Skatteoppkrevjar sine likvider består av inntåande på bankkonto for skatt og eventuell kontantbeholdning.

Skyldig skattekreditorane

Her ligg resultatet frå periodeoppgjeret for desember som vert utbetalt seinast 10. januar. Dersom kolonna syner eit positivt beløp, har skattekreditorane gjeld til skatteoppkrevjaren. Dette beløpet forfell til betaling 20. januar.

Skyldig andre

Posten inneheld uidentifiserte og uplasserte innbetalingar.

Udisponert resultat

Dette skal være et mindre beløp og gjelder øreavrunding.

Innbetalte skattar og avgifter, Renter, Innfordring

Dette er innbetalt arbeidsgjevaravgift, kildeskatt, personlige skatteytarar, selskapsskatt, renter, innfordring etter frådrag for margin mm som er fordelt mellom skattekreditorane.

Fordelt skattekreditorane

Her vise innbetalte skattar og avgifter og korleis desse er fordelt mellom skattekreditorane.

Krav som er ufordelt

Dette skal vere eit mindre beløp og gjeld øreavrunding.

003/13 VINTERVEDLIKEHALDET 2010/2011

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø/Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 05.02.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	26.02.2013	003/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Jølster kommune «Meirforbruk på vintervedlikehaldet», datert 18.12.2012.
- Brev med vedlegg frå Jølster kommune til kontrollutvalet om «Utfyllande informasjon om meirforbruk på vintervedlikehald 2010/2011», datert 15.02.2013.
-

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 002/12, 11/12 og 24/12 Skriv og meldingar.
- Kommunestyresak 48/11 og 68/12.
- Brev frå kontrollutvalet til Jølster kommune om orientering – meirforbruk på vintervedlikehaldet, datert 15.02.12.
- Brev frå kontrollutvalet til Jølster kommune «Meirforbruk på vintervedlikehaldet», datert 11.05.2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kommunestyret viser til brev frå rådmannen av 15.02.2013 og 07.09.2012.
- Kommunestyret viser særskilt til avsnitta «Tiltak som er sett i verk for og vere førebudd på liknande situasjonar» og «Retningsliner for å handtere vintervedlikehald, og om desse er slik at dei kan nyttast til å handtere ein tilsvarande situasjon i framtida» på side 4 i brev frå Jølster kommune til Sekom-sekretariat av 07.09.2012.
- Kommunestyret ber om at rådmannen følgjer opp at det vert gjort ei evaluering av tilbodsdokumentasjon og instruks om vintervedlikehald og at desse vert drøfta i UPU i førekant av neste kontraktperiode for vintervedlikehald frå 2016/2017.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET

VINTERVEDLIKEHALDET 2010/2011

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Administrasjonen orienterer om meirforbruket på vintervedlikehaldet.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalssak 002/12 "Skriv og meldingar" 14.02.2012 låg Tertialrapport nr 2 for 2011 ved. På grunnlag av innhaldet i denne, gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

AD: SM 07-12 Vedtak i kommunestyresak 048/11 «Tertialrapport nr. 2 for 2011».

Kommunestyret gjorde følgjande vedtak i saka:

- *Kommunestyret ønskjer reist eiga sak i høve til meirforbruket på vintervedlikehaldet beskrive i tillegg av kontrakt. Saka går gjennom kontrollutvalet.*
- *Kontrollutvalet vil difor kalle inn rådmann til neste møte i kontrollutvalet for å gi ei generell orientering om vintervedlikeholdet i Jølster kommune.*
- *Kontrollutvalet ønskjer også at det vert orientert om kontraktar, rutinar for ekstra utbetaling og eventuell utlysing av ekstramidlar.*

Kontrollutvalet sendet brev til Jølster kommune 15.02.2012 om vedtaket til kontrollutvalet og om at rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere slik det går fram av vedtaket.

Rådmann orienterte i saka på møtet i kontrollutvalet 10.05.2012 i sak 011/12 «Orientering – vintervedlikehald v/rådmann», og kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

- *Kontrollutvalet ber om ei skriftleg orientering i saka.*
- *Kontrollutvalet vil ha informasjon om tilhøva kring vintervedlikehaldet vinteren 2010/2011, samt informasjon om tiltak og evt. arbeid med å lage retningslinjer for vintervedlikehaldet.*

11.05.2012 vart det sendt brev frå kontrollutvalet til Jølster kommune der vert bede om at det vert gjort greie for omstenda kring det som skjedde i høve til vintervedlikehaldet 2010/2011, og kva som er gjort for å ta hand om liknande situasjonar ved eit seinare høve.

Tilhøvet kontrollutvalet vil ha omtalt er:

- Årsak til overskriding av budsjett.
- Kva som var grunnlag for betaling til kontraktørane utover det som var kontraktfesta.
- Om det vart gjort likebehandling av kontraktørane i samband med ekstrabetaling.
- Kva tiltak er sett i verk for å vere førebudd på liknande situasjonar?
 - Bl.a. om retningslinjer for å handtere vintervedliket fins, og om desse er slik at dei kan nyttast til å handtere ein tilsvarande situasjon i framtida.

07.09.2012 mottok kontrollutvalet brev frå Jølster kommune med orientering om tilhøva som kontrollutvalet har bede om. Det vert vist til brevet frå Jølster kommune.

Rådmann var kalla inn i kontrollutvalssak 018/12 «Orientering om vintervedlikehaldet v/rådmann» der han gjekk gjennom den skriftlege orienteringa.

01.10.12 vart administrasjonen sin orientering sendt over frå kontrollutvalet til kommunestyret.

I kommunetyresak 068/12 «Vintervedlikehald» den 13.11.12 vart den skriftlege orienteringa frå rådmannen handsama og det vart gjort følgjande vedtak:

- *Saka blir sendt tilbake til kontrollutvalet og skal resultere i eit konkret svar på det reiste framlegget i sak 48/11, meirforbruk ut over kontrakt.*
- *Frist for attendemelding til kommunestyret innan 01. april 2013.*

I kontrollutvalssak 024/12 «Orientering – Vintervedlikehald v/rådmannen» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet viser til kommunestyrevedtaket 068/12 «Vintervedlikehald» den 13.11.2012.*
- *Kontrollutvalet ber rådmannen utdjupe nærmare spørsmål i strekpunkt 2 og 3 i brev «Meirforbruk av vintervedlikehaldet» frå kontrollutvalet til Jølster kommune den 11.05.2012:*
 - 2. Kva som var grunnlag for betaling til kontraktørane utover det som var kontraktfesta.*
 - 3. Om det vart gjort likebehandling av kontraktørane i samband med ekstrabetaling.*
- *Kontrollutvalet ber om tilbakemelding frå rådmann innan 1. februar 2013.*

Rådmannen blei i brev «Meirforbruk på vintervedlikehaldet» den 18.12.2012 beden om å utdjupe nærmare spørsmål i strekpunkt 2 og 3 nemnde i vedtaket over, og sende dette til kontrollutvalet innan 1. februar 2013.

15.02.2013 har rådmannen svart på ovanfor nemnde brev. Svaret frå rådmannen ligg ved saka. Det vert vist til dette.

Rådmannen vil også bli kalla inn til møtet i saka.

Sekretariatet si vurdering:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Jølster kommune
6843 SKEI I JØLSTER

Førde, 18.12.12

Dykkar ref.:

Vår ref.: Vø

Jnr.: 593/12

Arkiv: Jølster

MEIRFORBRUK PÅ VINTERVEDLIKEHALDET

I kontrollutvalsmøte den 10.05.2012 i sak 011/12 «Orientering – vintervedlikehald v/rådmann», og gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet ber om ei skriftleg orientering i saka.*
- *Kontrollutvalet vil ha informasjon om tilhøva kring vintervedlikehaldet vinteren 2010/2011, samt informasjon om tiltak og evt. arbeid med å lage retningslinjer for vintervedlikehaldet.*

11.05.2012 vart det sendt brev frå kontrollutvalet til Jølster kommune der vert bede om at det vert gjort greie for omstenda kring det som skjedde i høve til vintervedlikehaldet 2010/2011, og kva som er gjort for å ta hand om liknande situasjonar ved eit seinare høve.

Tilhøvet kontrollutvalet ville ha omtalt var:

- Årsak til overskriding av budsjett.
- Kva som var grunnlag for betaling til kontraktørane utover det som var kontraktfesta.
- Om det vart gjort likebehandling av kontraktørane i samband med ekstrabetaling.
- Kva tiltak er sett i verk for å vere førebudd på liknande situasjonar?
 - Bl.a. om retningslinjer for å handtere vintervedliket fins, og om desse er slik at dei kan nyttast til å handtere ein tilsvarende situasjon i framtida.

07.09.2012 mottok kontrollutvalet brev frå Jølster kommune med orientering om tilhøva som kontrollutvalet ba om, og denne blei sendt over til kommunestyret.

I kommunetyresak 068/12 «Vintervedlikehald» den 13.11.12 vart den skriftlege orienteringa frå rådmannen handsama og det vart gjort følgjande vedtak:

- *Saka blir sendt tilbake til kontrollutvalet og skal resultere i eit konkret svar på det reiste framlegget i sak 48/11, meirforbruk ut over kontrakt.*
- *Frist for attendemelding til kommunestyret innan 01. april 2013.*

17.12.2012 i kontrollutvalssak 024/12 «Orientering – vintervedlikehald v/rådmann», blei saka handsama på nytt og kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak:

Org nr.	Bankgiro	Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

- Kontrollutvalet viser til kommunestyrevedtaket 068/12 «Vintervedlikehald» den 13.11 2012.
- Kontrollutvalet ber rådmannen utdjupe nærmare spørsmål i strekpunkt 2 og 3 i brev «Meirforbruk av vintervedlikehaldet» frå kontrollutvalet til Jølster kommune den 11.05.2012:
 - Kva som var grunnlag for betaling til kontraktørane utover det som var kontraktfesta.
 - Om det vart gjort likebehandling av kontraktørane i samband med ekstrabetaling.
- Kontrollutvalet ber om tilbakemelding frå rådmann innan 1. februar 2013.

Vi ber difor om at rådmannen utdjupear nærmare spørsmål i strekpunkt 2 og 3 nemnde i vedtaket over, og sender dette til kontrollutvalet innan 1. februar 2013.

Rådmannen vil også bli kalla inn til møtet i saka.

For kontrollutvalet

Vidar Øvreha

SEKOM-sekretariat

Org nr.	Bankgiro	Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571



SEKOM sekretariat

15.02.2013

Vår ref
AHE 12/916 - 3

Dykkar ref

Arkiv
210Løpenummer
13/673**Utfyllande informasjon om meirforbruk på vintervedlikehald 2010/11**

Vi viser til kontrollutvalet sitt vedtak i sak 24/12 den 17. desember 2012:

-Kontrollutvalet viser til kommunestyrevedtaket 068/12 «Vintervedlikehald» den 13.11.2012.

-Kontrollutvalet ber rådmannen utdjupe nærmare spørsmål i strekpunkt 2 og 3 i brev «Meirforbruk av vintervedlikehaldet» frå kontrollutvalet til Jølster kommune den 11.5.2012.

-Kva som var grunnlag for betaling til kontraktørane utover det som var kontraktfesta

-Om det vart gjort likebehandling av kontraktørane i samband med ekstrabetaling.

-Kontrollutvalet ber om tilbakemelding frå rådmann innan 1. februar 2013.

I brev frå rådmannen til kontrollutvalet datert 7.9.12, er det følgjande kommentarar knytt til strekpunkt 2 og 3:

Grunnlag for betaling til kontraktørane utover det som var kontraktfesta.

Jølster kommune har med grunnlag i kontrakt og instruks vurdert ansvarsforholdet mellom kontraktør og kommunen jamfør instruks punkt 6 og 7.

Dersom det på grunn av uver eller av andre grunnar ikkje er mogeleg å utføre brøyting, rydding eller anna vintervedlikehald i samsvar med retningslinene, må Jølster kommune v/formann snarast gjevast melding om dette.

Ved vegsperringar på grunn av fonner, ras eller andre grunnar skal kontraktøren straks gje melding til Jølster kommune v/formann. Dersom det er fare for at det er folk i raset skal ein dessutan varsle politiet. Kontraktør skal varsle Jølster kommune v/formann ved vegskader eller andre forhold som kan være til fare for trafikken. Dersom formann ikkje er å treffe, gjev ein melding direkte til tenestekontoret.

Vi har med grunnlag i ovannemnde vurdert behovet for tiltak ut frå eit trafikktryggleiks omsyn. Med dei spesielle tilhøva som tidlegare omtala vart det umogeleg å utføre brøyting og rydding på ein tilfredsstillande måte. For å ivareta trafikktryggleiken vart det vurdert og sett i verk ekstra tiltak.

Likebehandling av kontraktørane i samband med ekstrabetaling.

Kommunen har vurdert behovet for tiltak med grunnlag i omsynet til ein tilfredsstillande trafikktryggleik både for dei køyrande og dei mjuke trafikantane. Dei største utfordringane har vi i bustadfeltet Hjellbrekkefeltet og Langhaugane på Vassenden og Vikenfeltet på Skei.

I desse bustadfeltet er det svært tett busetnad med mange avkøyrslar, smale gater og generelt lite tilgjengeleg areal for snølagring. På gardar og grendavegane er det spesielt kryssa som er utfordrande.

Vi har vurdert behovet for tiltak ut frå eit trafikktryggleiks omsyn og meiner dette gjev ei likebehandling av kontraktørane. Det er dei same vurderingane som er gjort for heile kommunen. Tilhøva var naturleg nok ikkje like over alt og naudsynte tiltak varierte:

- *Der det har vore behov for å sette inn tiltak er det og gjennomført tiltak enten av kommunen sjølv, kontraktør eller av annan leigd resurs.*
- *Der det ikkje har vore behov har det heller ikkje vore utført tiltak.*

Vi kan og leggje til at kommunen i eigenregi har måtta gjennomført tiltak utover det normale i Vikenfeltet i tillegg til at det har vore naudsynt og leige inn anna utstyr enn det kommunen har til disposisjon for å få utført arbeidet.

Nærare utdjuping knytt til desse punkta:

Grunnlag for betaling til kontraktørane utover det som var kontraktfesta.

Vinteren 2010/11 var uvanleg snøråk. Som vi skriv i brevet av 7.9.12, så fekk Jølster kommune mange innspel og klager på tilhøva på og rundt vegar og anlegg. Saman med eigne observasjonar, var desse tilbakemeldingane grunnlag for vurdering av faktisk situasjon og mogelege løysingar.

Som vi skreiv, er deler av brøytinga utført av eigne tilsette og deler på anbod til private entreprenørar. Grunnlag for den tenesta entreprenørane yter er tilbodsinnbyding, kontrakt og retningslinjer. Her er ei oversikt over viktige moment som låg til grunn for rådmannen si avgjerd om å tinge tilleggstenester:

- Dersom dette utelukkande skuldast dårleg arbeid og/eller dårleg planlegging frå entreprenør så meiner vi det også er entreprenøren sitt ansvar å rydde opp for eiga rekning.
- Dersom deler av problemstillinga til dømes skuldast at planløysingane ikkje tek høgde for så store snømengder eller andre tilhøve som kommunen har heilt eller delvis ansvar for, så er svaret ikkje like opplagt.
- Ein av partane kan ikkje einsidig fastslå på ein rettsleg bindande måte kvar desse grensene går.
- Vår vurdering var at situasjonen var så spesiell at det på ein del plassar var vanskeleg å kunne utføre brøyting.
- Rådmannen la også vesentleg vekt på tidsaspektet. Det oppstod trafikkfarlege situasjonar der og då og det var viktig å rette på dette snarast. Konkrete avtaler ville løyse dette vesentleg raskare enn rettsleg oppfølging.

- Dei faktiske tilhøve var ikkje like for alle strekningar. Verken når det gjeld biltrafikk, mjuke trafikantar eller eigna område for å plassere snø.
- Det vart gjort val av entreprenør ut frå kven som hadde nødvendig utstyr og mogelegheit til å utføre oppdraga på kort tid.
- Ikkje alle entreprenørane som utførte ekstra oppdrag hadde andre avtaler om vintervedlikehald.
- Rådmannen har fullmakt til innkjøp på vegner av kommunen og har i denne situasjonen tinga ein del ekstra arbeid frå nokre entreprenørar. For ordens skuld, stadfestar rådmannen difor at bestillinga var gjort etter konkrete vurderingar og at entreprenørane ikkje kan ha hatt grunnlag for å tvile på sjølve bestillinga var gyldig.

Likebehandling av kontraktørane i samband med ekstrabetaling.

Rådmannen vil peike på at denne vurderinga heng nært saman med det som er kommentert i førre avsnitt.

- Våre vurderingar var knytt til vår oppfatning av den faktiske situasjonen på dei ulike strekningane. I ei vurdering av tilleggskjøp til kontrakt så er dette den normale tilnærminga. Rådmannen bestemmer kva for vare eller teneste vi skal kjøpe. Dette vert så kjøpt hjå den eller dei leverandørar som er aktuelle.
- Det viktigaste momentet med likebehandling i desse vurderingane var knytt til trafikktryggleik.
- Vårt utgangspunkt er at innkjøp vert gjort når vi vurderer at behovet er der. Ikkje fordi vi har gjort kjøp på eit anna tilgrensande område.

Politisk delegeringsreglement gjev rådmannen fullmakt til å foreta innkjøp innanfor vedteke budsjett. I den aktuelle situasjon var det naudsynt med kjøp av tenester grunna ein ekstraordinær situasjon. Dette fordi rådmannen som tidlegare nemnt vurderte at det var naudsynt med rask løysing av trafikkfarlege situasjonar, og det vart gjort spesifikke vurderingar av kva tilbydarar som kunne gjennomføre oppdraget ut frå inngåtte kontraktar om ordinært vintervedlikehald og kva utstyr den einskilde tilbydar hadde tilgjengeleg for å utføre oppdraget.

For ordens skuld, legg vi ved brev av 7.9.2012 med vedlegg.

Med helsing

Børge Tvedt
Rådmann

Thor Ove Farsund
Kommunalsjef

Vedlegg:

Tittel

Vintervedlikehald brev 070912 med vedlegg



JØLSTER KOMMUNE
Leiargruppa

Telefon:
57 72 61 00
6843 SKEI

Telefaks:
57 72 61 01
postmottak@jolster.kommune.no

Bankgiro, skatt
6345.06.14310

Bankgiro:
3703.07.00024
www.jolster.kommune.no

Organisasjonsnr:
963 923 600



SEKOM- sekretariat
Postboks 338
6802 FØRDE

07.09.2012

Vår ref
TOF 11/859 - 6

Dykkar ref

Arkiv
210

Løpenummer
12/5308

Meirforbruk på Vintervedlikehaldet - orientering

Kontrollutvalet ber i brev av 11.05.12 om at det vert gjort greie for omstenda kring det som skjedde i høve til vintervedlikehaldet 2010/2011.

Grunnlaget for dette er gjeve i kommunestyresak 048/11, tertialrapport nr 2 for 2011, der kommunestyret gjorde følgjande vedtak:

«Kommunestyret ønskjer reist eiga sak i høve meirforbruket på vintervedlikehaldet beskrive i tillegg av kontrakt. Saka går gjennom kontrollutvalet.»

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i møte 11.05.2012:

- *Kontrollutvalet ber om ei skriftleg orientering i saka.*
- *Kontrollutvalet vil ha informasjon om tilhøva kring vintervedlikehaldet vinteren 2010/2011, samt informasjon om tiltak og evt. arbeid med å lage retningslinjer for vintervedlikehaldet.*

Med grunnlag i ovannemnde ber kontrollutvalet om ei nærare omtale av følgjande tilhøve:

- *Årsak til overskriding av budsjett.*
- *Kva som var grunnlag for betaling til kontraktørane utover det som var kontraktfesta.*
- *Om det vart gjort likebehandling av kontraktørane i samband med ekstrabetaling.*
- *Kva tiltak er sett i verk for å vere førebudd på liknande situasjonar?*
- *Bl. A. om retningslinjer for å handtere vintervedlikehald fins, og om desse er slik at dei kan nyttast til å handtere ein tilsvarende situasjon i framtida.*

Kontrollutvalet ber om ei skriftleg attendemelding før neste møte den 26. september 2012.

Før vi gjev ei omtale av tilhøva og svarar på spørsmåla som etterspurd fin vi det rett å gje ei orientering om grunnlaget som vert nytta i samband med vintervedlikehaldet i Jølster. Vi vil og gje ei kort orientering om vêrtilhøva vinteren 2010/2011.

Grunnlag for vintervedlikehald i Jølster kommune

Jølster kommune har ca 70 km med kommunal veg som tilkomst til grender og busetnad i store deler av kommunen. Det er varierende standard på desse vegane, dei fleste med toppdekke av grus men nokon har toppdekke av oljegrus/asfalt.

Vintervedlikehaldet/snøbrøyting på desse vegane er basert på og utført som ein kombinasjon av eige arbeid med eigne tilsette i eininga Drift og kommunalteknikk og av kontraktørar. I eigenregi vert det utført snøbrøyting på roder i Skei området. I resten av kommune vert det i hovudsak nytta kontraktørar som vert engasjert gjennom avtale/kontrakt etter føregåande tilbodsinnbyding med grunnlag i instruks for arbeidet. Drift og kommunalteknikk gjennomfører i tillegg tilsyn og førefallande vedlikehald og utbetring på alle rodene.

Tilbodsinnbyding

Jølster kommune har i lang tid nytta offentlig tilbodsinnbyding på vintervedlikehaldet, jamfør vedlagt tilbodsdokument. Kommunen har hatt ein praksis med vintervedlikehald i faste periodar på 5 år der eit tilbodsgrunnlag saman med instruks for arbeidet er basis for tilbodet.

Instruks

Som nemnt over er det utarbeidd instruks for arbeidet med vintervedlikehaldet i Jølster. Instruksen er i 16 punkt og set krav til utføring av arbeidet med vintervedlikehaldet. For ytterlegare informasjon om innhald i instruksen syner vi til vedlegget.

Avtale/kontrakt

Med grunnlag i føregåande tilbodsinnbyding og evaluering av denne vert det inngått avtale/kontrakt mellom Jølster kommune og aktuell tilbydar/entreprenør. Avtalen er lik og vert nytta mellom kommunen og alle som får tildelt roder på vintervedlikehald. Til grunn for avtalen ligg tilbodsgrunnlag og instruks.

Vinteren 2010/2011 var det siste året i 5 års kontraktane for perioden 2006/2007-2010/2011. Det er no inngått nye kontraktar for ein ny 5 års periode, 2011/2012 – 2015/2016.

Vinteren 2010/2011

Vinteren sesongen 2010/2011 var spesiell på fleire måtar. Vinteren med snø kom i slutten av oktober og snøen låg til ut i april. Det var såleis ein lang vinterperiode der det i periodar var mykje nedbør i form av snø samt kuldeperiodar. Som eit døme på snømengda kan vi syne til at Jølster Skisenter hadde eit rekordår når det gjeld snødjupne. Vi kan og nemne at fotballbana på Skei vart fresa tre veker før påske. Då var det målt ei snødjupne på 1,5 meter i snitt over heile bana. Kommunen måtte og fjerne snø frå taket på fleire av dei eldre kommunale bygga for å unngå skade som følgje av mykje snø noko som er unormalt.

Denne vinteren fekk vi mykje meldingar frå innbyggjarane om trafikkfarlege situasjonar og særskilt i høve uoversiktlege kryss og avkøyrslar. Vi fekk mange klager på den kommunale

brøytinga og utfordringa som dette ga den enkelte grunneigar mellom anna med å få fjerna snø på eige trafikkareal og i eiga avkøyrsløp.

Vi opplevde såleis vinteren som unormal og vi kan ikkje minnst å ha hatt tilsvarende vinter med så mykje snø og tilhøyrande problemstillingar dei siste 20 åra.

Årsak til overskriding av budsjett.

Meirforbruket på tenesta kommunale vegar er på om lag kr. 1 160 000. Det meste av dette er knytt til vintervedlikehaldet og utgjer om lag kr. 930 000. Oversikt over meirforbruket relatert til årsak/tiltak er synt i tabellen under.

Kommunale vegar 2010 - meirforbruk	
Årsak/Tiltak	Kostnad
Rydding, fjerning av snø	430 000
Salting/tining av stikkrenner og vegar	100 000
Strøing på vegar (sand)	150 000
Brøytestikker	50 000
Nye brøytekontrakter	200 000
Skade på vegnettet	150 000
Reparasjon av eigen traktor	80 000
Sum meirforbruk	1 160 000

Som nemnt utgjer meirforbruket i høve vintervedlikehaldet om lag kr. 930 000. Av desse er om lag kr. 500 000 meirforbruk til salting og tining av stikkrenner/vegar, større behov for strøing samt innkjøp av brøytestikker og auka kostnad med nye kontraktar. Om lag kr. 430 000 er relatert til rydding og fjerning av snø.

Rydding og fjerning av snø

I bustadfelt der det er tett busetnad med mange avkøyrsløp og smale gater er det oftast eit større behov for å transportere vekk snø enn på gards- og grendevogane rundt om i kommunen. Dette skuldast både manglande lagerkapasitet for snø og redusert trafikktryggleik. Ein slik langvarig vinter med store mengder snø medførte mellom anna høge brøyteantar og mykje snø i og ved kommunale vegar. I dei verste av desse tilfella har vi på grunn av trafikktryggleik, ikkje minst i høve til dei mjuke trafikantane, sett det som naudsynt å transportere vekk snø. I ein normal vinter har denne type tiltak ikkje vore naudsynt.

Grunnlag for betaling til kontraktørane utover det som var kontraktfesta.

Jølster kommune har med grunnlag i kontrakt og instruks vurdert ansvarsforholdet mellom kontraktør og kommunen jamfør instruks punkt 6 og 7.

Dersom det på grunn av uver eller av andre grunnar ikkje er mogeleg å utføre brøyting, rydding eller anna vintervedlikehald i samsvar med retningslinene, må Jølster kommune v/formann snarast gjevast melding om dette.

Ved vegsperringar på grunn av fonner, ras eller andre grunnar skal kontraktøren straks gje melding til Jølster kommune v/formann. Dersom det er fare for at det er folk i raset skal ein dessutan varsle politiet. Kontraktør skal varsle Jølster kommune v/formann ved vegskader eller andre forhold som kan være til fare for trafikken. Dersom formann ikkje er å treffe, gjev ein melding direkte til tenestekontoret.

Vi har med grunnlag i ovannemnde vurdert behovet for tiltak ut frå eit trafikktryggleiks omsyn. Med dei spesielle tilhøva som tidlegare omtala vart det umogeleg å utføre brøyting og rydding på ein tilfredsstillande måte. For å ivareta trafikktryggleiken vart det vurdert og sett i verk ekstra tiltak.

Likebehandling av kontraktørane i samband med ekstrabetaling.

Kommunen har vurdert behovet for tiltak med grunnlag i omsynet til ein tilfredsstillande trafikktryggleik både for dei køyrande og dei mjuke trafikantane. Dei største utfordringane har vi i bustadfeltet Hjelldal og Langhaugane på Vassenden og Vikenfeltet på Skei.

I desse bustadfeltet er det svært tett busetnad med mange avkøyrsløp, smale gater og generelt lite tilgjengeleg areal for snølagring. På gards og grendavegane er det spesielt kryssa som er utfordrande.

Vi har vurdert behovet for tiltak ut frå eit trafikktryggleiks omsyn og meiner dette gjev ei likebehandling av kontraktørane. Det er dei same vurderingane som er gjort for heile kommunen. Tilhøva var naturleg nok ikkje like over alt og naudsynne tiltak varierte:

- Der det har vore behov for å sette inn tiltak er det og gjennomført tiltak enten av kommunen sjølv, kontraktør eller av annan leigd resurs.
- Der det ikkje har vore behov har det heller ikkje vore utført tiltak.

Vi kan og leggje til at kommunen i eigenregi har måtta gjennomført tiltak utover det normale i Vikenfeltet i tillegg til at det har vore naudsynt og leige inn anna utstyr enn det kommunen har til disposisjon for å få utført arbeidet.

Tiltak som er sett i verk for og vere førebudd på liknande situasjonar.

Vinteren 2010/2011 var det siste året i 5 års kontraktane for perioden 2006/2007-2010/2011. Det er i 2011 inngått nye kontraktar for 5 års perioden 2011/2012 – 2015/2016. Vi har i hovudsak nytta same tilbodsdokumentasjon og instruks som tidlegare. Vi meiner dette er tilfredsstillande for å ivareta liknande situasjonar. Vi finn det likevel rett å evaluere dokumenta inkludert ei drøfting i UPU før neste utlysing.

Retningslinjer for å handtere vintervedlikehald, og om desse er slik at dei kan nyttast til å handtere ein tilsvarande situasjon i framtida.

Som nemnt tidlegare har Jølster kommune utarbeidd instruks for arbeidet med vintervedlikehaldet. Instruksjonen er i 16 punkt og set krav til utføring av arbeidet. Vi meiner instruksjonen er tilfredsstillande for å ivareta liknande situasjonar. Som nemnt over vil vi likevel evaluere dokumenta før neste utlysing. Eventuelle endringar av instruksjonen kan såleis skje i forkant av neste kontraktperiode frå 2016/2017.

Vonar dette er tilfredsstillande for dykkar handsaming av saka.

Med helsing

Arnar Helgheim
Konstituert Rådmann

Thor Ove Farsund
Kommunalsjef
57726106

Vedlegg:
Tilbodsinnbyding.
Instruks.
Avtale/kontrakt



Jølster kommune

Drift og kommunalteknikk
6843 Skei i Jølster

1

1. Tilbodsinnbyding

Jølster kommune ynskjer med dette tilbod på brøyting, snørydding og anna vintervedlikehald på kommunale vegar og plassar.

Dette tilbodsgrunnlaget saman med instruks for arbeidet skal vere basis for tilbodet. Elles inngår gjeldande lover og føresegner som del av tilbodsgrunnlaget.

Tilbodet skal gjevast på side 6 i dette tilbodsgrunnlaget. Tilbodet skal sendast/leverast i nøytral lukka konvolutt merka:

"Tilbod vintervedlikehald 2011-2016, røde nummer....."

Tilbodet skal vere levert til:

**Jølster kommune v/drift og kommunalteknikk
6843 Skei i Jølster**

seinast fredag 31. august 2011, kl. 12.00.

Eventuelle spørsmål i samband med tilbodsgrunnlaget kan rettast til

- Tenesteleiar, Bjørn Anders Steinsund, telefon: 57 72 61 18 eller
- Rådgjevar, Thor Ove Farsund, telefon: 57 72 61 06.

Jølster kommune tek atterhald om retten til forkaste kva som helst av dei innkomne tilboda eller om naudsynt forhandle nærare om tilbodet. Jølster kommune vurderer også å gjennomføre vintervedlikehald på enkelte roder i eigenregi.

Skei 15.07.11

Bjørn Anders Steinsund
Avdelingsleiar
99202663



2. Generelt

2.1 Arbeidstype og omfang

Tilbodsinnbydinga gjeld tilbod på utføring av alt arbeid med snøbrøyting, snørydding og anna vintervedlikehald av kommunale vegar og plassar i Jølster kommune. Aktuelle offentlege vegar og plassar går fram av vedlag oversikt med inndeling i roder.

Arbeidet omfattar leige av lastebilar, traktor og maskiner med førar til vintervedlikehalds-arbeid som nemnt over. Med anna vintervedlikehald er meint eventuell snøfresing, snø- og ishøvling, rydding av vegkryss, reingjering av vegskilt og liknande.

Strøing vert ikkje rekna som ein del av vintervedlikehaldet men kan avtalast særskilt ved behov. Jølster kommune ber om at det vert oppgjewe einingsprisar på arbeid med strøing.

Arbeidet skal utførast i samsvar med gjeldande retningslinjer for vintervedlikehald, jamfør instruks datert 09.06.11.

Lengda på kontrakten vil vere 5 år, frå og med vintersesongen 2011/2012 til og med vintersesongen 2015/2016 dersom ikkje anna er avtalt.

Det er mogeleg å gi tilbod på ei rode eller større område med fleire roder. Det må i så fall gå klart fram av tilbodet kva roder det gjeld, jamfør side 6.

Jølster kommune er oppteken av å redusere totalkostnadene sine og er difor interessert i at tilbydarane tilbyr sine mest kostnadseffektive løysingar.

2.2 Brøyteutstyr

Tilbydar skal halde alt nødvendig utstyr medrekna plogmateriell med mindre noko anna er avtala særskilt. Tilbydar sitt ansvar omfattar og naudsynt vedlikehald og reparasjonar av utstyret.

3. Tilbudsreglar

Tilbodet skal gjevast på side 6 i dette dokumentet.

Kvart tilbod skal vere datert og underskrive av tilbydar.



3.1 Tidspunkt for oppstart og avslutning av arbeidet

Arbeidet kan ikkje starte opp før avtale/kontrakt er underskriven av begge parter. Normal oppstart er 1. oktober den sesongen avtalen tek til å gjelde. Avslutning av arbeidet vert avtalt i kvart enkelt tilfelle. Normal avslutning er 30. april i den sesongen avtalen sluttar å gjelde.

3.2 Gyldigheit og vedståing av tilbodet.

Vi føreset at tilbydar vedstår seg tilbodet jamfør utlysingstekst. Jølster kommune tek kontakt med aktuelle tilbydarar for å inngå kontrakt. Døme på kontraktformular er lagt ved.

3.3 Krav om skatteattest

Tilbydar skal saman med tilbodet leggje fram skatteattest (RF-1244 fastsett av skattedirektoratet). Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader, rekna frå tilbodsfristen.

4. Arbeids-, kontrakt- og betalingsvilkår

4.1 Arbeidstid

Det vert ikkje nytta fast arbeidstid på denne typen arbeid. Tilbydaren må rekne med å yte arbeidsinnsats heile døgeret, avhengig av vær- og føretilhøve. Det vert vist til instruks for arbeidet.

4.2 Godtgjersle- og oppgjersform

Jølster kommune er oppteken av å stabilisere kostnadene sine og er difor interessert i at tilbydarane kan tilby sine mest kostnadseffektive løysingar. For vintervedlikehald av kommunale vegar og plassar blir det difor å nytte følgjande oppgjersform:

1. Årleg fast godtgjersle.

Godtgjersla skal dekkje all kostnader for utføring av arbeidet med vintervedlikehald av kommunale vegar og plassar i samsvar med tilbodsinnbydinga og instruksen.

Ved fast årleg godtgjersle skal ei oversikt over utført arbeid i perioden sendast/leverast utfylt til drift og kommunalteknikk ved arbeidsformann for kontroll den 01. i kvar månad. Faktura for fast årleg godtgjersla skal delast i tre like beløp som vert utbetalt tre gonger per sesong i desember, februar og mars månad.

Det vert ikkje utbetalt overtidstillegg eller andre tillegg ut over fast pris.



4.3 Prisregulering

Prisen er fast i kontraktperioden og skal ikkje regulerast.

I ekstraordinære tilfelle når drivstoffkostnadene blir vesentleg endra som følgje av omlegging av offentlege avgifter, nye utrekningsmetodar for avgifter og liknande kan endringar som ei følgje av dette vurderast spesielt.

4.4 Forsikring

Tilbydar skal teikne naudsynte forsikringar. Dersom tilbydar har tilsette skal han teikne yrkesskadeforsikring.

4.5 Trekk/Mulkt

Dersom faktura kjem til Jølster kommune for attestasjon meir enn to veker etter fristen som er nemnt i punkt 4.2 vil vi gjere fråtrekk i fakturert sum. Trekket vert kr. 1000,- per rode per veke. Trekket vert gjort direkte på første aktuelle faktura.

4.6 Ansvar for feil og manglar

Tilbydar er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med tekniske spesifikasjonar og krav gitt i kontrakt og instruks. Tilbydar har plikt til snarast mogeleg og for eigen rekning å rette feil eller på annan måte utbetre manglar slik at avtalte spesifikasjonar vert oppfylte.

Tilbydar er og ansvarleg for eventuelle skader på privat og offentlig eigendom som skuldast utføring av arbeidet. Dersom kommunen må utføre eventuelle skadar, vert rekning sendt skadevoldar.

4.7 Forseinking

Ved forseinking eller manglande levering/utføring av arbeidet står tilbydar ansvarleg for eventuelt ekstra kostnader.

4.8 Oppseiing ved manglande oppfølging av kontrakt

Ved manglande oppfølging av kontrakten kan den seiast opp med 14 dagars varsel.

Etter tre skriftlege åtvaringar i løpet av same brøytesesong for manglande oppfølging av eitt eller fleire punkt i kontrakten, vert dette å rekne som oppseiingsgrunn av kontrakten.



4.9 Endring av kontrakt/veglande.

Endring av kontrakt for veg og veglengder i kontraktperioden gjev partane rett til forhandlingar.

Som eit utgangspunkt for denne endringa vil godtgjersla bli endra proporsjonalt med endringa i veglengda.



Jølster kommune

Drift og kommunalteknikk
6843 Skei i Jølster

6

Tilbodsskjema

Med grunnlag i utlevert tilbudsmateriale kan vi ta på oss å utføre vintervedlikehold av kommunale vegar og plassar i Jølster kommune frå og med vintersesongen 2011/2012 til og med vintersesongen 2015/2016.

Tilbudet omfattar vintervedlikehold på kommunale vegar og eller plassar i samsvar med roda/rodene oppgitt nedanfor.

Rode	Eige utstyr		Årleg fast godtgjersle
Nummer	Bil/maskin	Brøyteutstyr	Kr./år

Vi kan òg ta på oss å utføre strøing etter nærare avtale og tilbyr følgjande einingsprisar:

Bil/maskin inkludert strøutstyr:	kr/time	
Strøsand m/kvalitet som i instruks:	kr/m3	

Tilbudet er gitt av:

Firma:.....

Kontaktperson:

Adresse:.....

Postnummer/stad:.....

..... den/.....-2011

Tilbydar si underskrift



Jølster kommune

Drift og kommunalteknikk
6843 Skei i Jølster

INSTRUKS

1. Ein føreset at tilbydar, heretter omtala som kontraktør, gjer seg godt kjend med roden/rodene før sesongen tek til. Brøyting skal utførast så ofte det er nødvendig etter dei retningslinjer som kommunen fastset. Dersom ikkje anna er fastsett i kontrakten, gjeld denne instruks som retningslinje for brøytinga.

Kontraktør skal på eige initiativ rykkje ut for å halde standarden på brøytinga.

2. Vegen skal, i det tidsrom den er føresett å vere open for alminneleg ferdsel, vere farbar for bilistar som er normalt utstyrt for vinterkøyring.

3. Brøyting skal gjennomførast slik at maksimal snødjupne ikkje overstig:
 - 5 cm våt snø (vedlikehaldsklasse 1)
 - 10 cm tørr snø (vedlikehaldsklasse 2)

4. For vedlikehaldsklasse 2 skal brøyting normalt ikkje utførast i tidsrommet mellom kl. 23.00 - kl. 04.30. Dei oppgjevne verdiar under punkt 3 kan då overskridast. Ved snøfall om natta skal vegen vere brøytta før morgontrafikken tek til kl. 07.00. Ved store snøfall eller føyke må kontraktør også om natta utføre nødvendig brøyting slik at vegen alltid er farbar i samsvar med punkt 2.

5. Vegbana skal brøytast/ryddast slik at det straks vert full køyrebanebreidde, så nær grøftekant, rekkverk og skråning som mogeleg. Brøyting og rydding av møteplassar og busslommer skal så langt det er mogeleg gå parallelt med brøyting av sjølve vegbana.

På vegar utan fortau og utan separate gang- og sykkelvegar skal brøyting og rydding av vegskulder og vegkantar gå parallelt med brøyting av køyrebana.

Dersom brøyting av fortau inngår i kontrakten må rydding av desse så langt det er mogeleg prioriterast på lik linje med rydding av køyrebana.

Der gang- og sykkelveg ligg nær vegen, må kontraktøren koordinere brøytinga med den som har ansvaret for brøyting av gang- og sykkelvegen og legge opp arbeidet slik at ein mest mogeleg unngår at anlegg for gåande og syklande vert sperra av snø frå vegbana.

6. Dersom det på grunn av uver eller av andre grunnar ikkje er mogeleg å utføre brøyting, rydding eller anna vintervedlikehald i samsvar med retningslinene, må Jølster kommune v/formann snarast gjevast melding om dette.



Jølster kommune

Drift og kommunalteknikk
6843 Skei i Jølster

7. Ved vegsperringar på grunn av fonner, ras eller andre grunnar skal kontraktøren straks gje melding til Jølster kommune v/formann. Dersom det er fare for at det er folk i raset skal ein dessutan varsle politiet. Kontraktør skal varsle Jølster kommune v/formann ved vegskader eller andre forhold som kan være til fare for trafikken. Dersom formann ikkje er å treffe, gjev ein melding direkte til tenestekontoret.
8. Dersom kontraktøren meiner grusing av vegbana eller anna arbeid som ikkje er omfatta av kontrakten bør gjerast, skal kontraktøren snarast gi melding til Jølster kommune v/formann om når og kvar han meiner slikt arbeid er nødvendig. Det skal i kvart tilfelle avklarast med formann dersom kontraktøren skal utføre slikt arbeid og det skal nyttast grus med følgjande kvalitet: Knust og vaska strøsand med fraksjonsstørrelse 2-6 mm alternativt 2-8 mm.
9. Kontraktøren skal under brøyting vise omsyn til anna trafikk og naboar langs vegen. Ein må om mogeleg prøve å setje ned farten for å unngå at møtande trafikk får dekkja til frontruta med snøføyk frå brøytemateriell eller at eigedomar langs vegen blir påført skade.
10. Ved passering av bruer må ein passe på at brøytekantar ikkje vert pressa så hardt mot rekkverka at desse vert skada. Det må ikkje gjerast skade på rekkverk, gjerde, trafikkskilt, lysanlegg og liknande. Det må visast varsemnd ved passering av overgangar over trafikktett veg, ferister, brubaner, kumlokk med meir. Ved brannkummar må ein prøve å unngå at det blir lagt opp snø/brøytekantar.
11. Etter trafikkreglane § 2 nr. 4 kan førar av køyrety som nyttast til vegarbeid eller liknande arbeid på eller ved veg, når det er til vesentleg lette i tenesten og det visast særleg varsemnd, fråvike vegtrafikklova § 4, 2. og 3. ledd og §§ 5 - 9 og bestemmelsar i trafikkreglane kapittel 2, 3, 4, 5, 8 og 9 som ikkje særleg gjeld for han. Likevel skal slik førar alltid overhalde trafikkreglane §§ 22, 23, 30, 31 og 32. Blinkande gult varsellys skal alltid brukast ved brøyting, strøing og snørydding, jamfør trafikkreglane § 18 nr. 5 og køyreforeskriftene § 142. Blinkande gult varsellys skal ikkje brukast ved tomkøyting med sand- og saltspredar så framt breidda ikkje overstig 2,5 meter.
12. Køyting på venstre side av vegen må ikkje foregå med mindre det enten er sytt for ein effektiv sperring av vegen for alminneleg ferdsel eller tilfredsstillande varsling er sett i verk. Formannen avgjer kva for sikringstiltak som skal setjast i verk på dei forskjellige vegstrekingar.
13. Vegtrafikklovas § 3 skal førar alltid overhalde og kan ikkje fråvikast, jamfør punkt 11. Overheld ein ikkje denne paragrafen stiller føraren i same strafferettslege stilling som ein kvar annan trafikant.



Jølster kommune

Drift og kommunalteknikk
6843 Skei i Jølster

14. Kontraktøren har ansvaret for at førarar/avløysarar får full opplæring og kjennskap til kontrakten sine krav til utføring og ansvar. Ved arbeid på offentlig veg skal det nyttast CE - godkjent arbeidsklede samt anna naudsynt verneutstyr. Alt verneutstyr skal haldast av kontraktør.
15. Kontraktør er ansvarleg for skade han kan påføre oppdragsgjevar eller tredje person og hans eigedom, og bør difor teikne ansvarsforsikring som dekker slike skader. Skader som kontraktøren er ansvarleg for, og som må dekkjast av entreprenøren si forsikring eller bli utbetra for entreprenøren si rekning er: Skader på parkerte bilar, gjerde, rekkverk, kantstein, skiltstolpar med meir.
16. Kontraktørar skal føre køyrelister der det skal oppgjevast tidsforbruk for kvar rode samt når tid på døgnet brøytinga er utført. Køyrelister saman med faktura skal sendast/leverast utfylt til Jølster kommune, også ved fast prisavtaler.

Skei 15.07.2011

Bjørn Anders Steinsund
Avdelingsleiar
99202663



Jølster kommune

Drift og kommunalteknikk
6843 Skei i Jølster.

Avtale/kontrakt

Mellom Jølster kommune som vegmynde og som tilbydar er det inngått følgjande avtale:

1. Tilbydar tek på seg å utføre vintervedlikehald på følgjande kommunale vegar og eller plassar:

Rode Rode Rode

i ein periode på 5 år, frå og med vintersesongen 2011/2012 til og med vintersesongen 2015/2016, i samsvar med sitt tilbod datert

2. Arbeidet skal utførast for følgjande (samla) fast godtgjersle.....

(Her vert det oppgitt årleg fast godtgjersle for aktuell rode)

3. Tilbydar pliktar å utføre vintervedlikehaldet slik det er skildra i tilbodsgrunnlaget og dei dokument dette viser til og/eller instruksar frå formann eller annan person frå kommune med rett fullmakt.
4. Dersom leverandøren mellombels eller varig vert hindra i å utføre sine plikter i samsvar med denne avtalen, skal han varsle kommunen straks. Tilbydaren må då syte for å få andre til å utføre arbeidet.
5. Jølster kommune er utan ansvar for all skade som måtte oppstå under utføring av arbeidet, også ovanfor tredjemann.
6. Denne avtalen kan gjensidig seiast opp med 3 månaders varsel dersom oppseiinga skuldast forhold som partane ikkje hadde kjennskap til, eller burde hatt kjennskap til, når avtalen vart inngått. Tilbydar kan ikkje levere oppseiing i perioden 01. juli - 01 februar. Jølster kommune kan sei opp avtalen med 14 dagars varsel dersom leverandøren forsømmer sitt arbeid eller på annan måte ikkje oppfølgjer avtalen.
7. Tvistar i samband med avtalen skal løysast ved hjelp av forhandlingar. Ein gjer merksam på at dersom ein tvist har oppstått, fritek ikkje dette partane frå å oppfylle sine forpliktingar etter avtalen.
8. Tilbydar kan ikkje overdra denne avtalen til andre.

..... den/.....-2011

..... den/.....-2011

.....
For Jølster kommune

.....
For tilbydar

004/13 PLAN FORVALTINGSREVISJON – JØLSTER KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 05.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	26.02.2013	004/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2013 - 2016 – Jølster kommune, datert 14.02.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Dokumentet «Overordna analyse for Jølster kommune» med vedlegg, datert 27.11.2012.
Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalssak 021/11 «Overordna analyse – Jølster kommune»

Kontrollutvalssak 023/12 «Overordna analyse – Jølster kommune»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Jølster kommune for perioden 2013 – 2016.
- Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:
 - 1.
 - 2.
 - 3.
 - 4.
 - 5.
- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

Tilråding frå kontrollutvalet til kommunestyret:

PLAN FORVALTINGSREVISJON – JØLSTER KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal leggjast fram plan for forvaltningsrevisjon for kommunestyreperioden 2013 – 2016.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgang altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenesteområda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: *"Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:*

- a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*
- b) *forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*
- c) *regelverket vert etterlevd,*
- d) *styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*
- f) *resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd."*

I kontrollutvalssak 021/11 "Overordna analyse", vedtok kontrollutvalet at det vart tinga overordna analyse frå KRYSS-revisjon..

I kontrollutvalsmøte 17.12.2012 i sak 023/12 "Overordna analyse – Jølster kommune" vart overordna analyse presentert av KRYSS-revisjon. Overordna analyse munna ut med forslag om følgjande aktuelle prosjekt:

- Kontroll av lønsområdet i kommunen.
- KOSTRA- til hjelp og planlegging og styring.
- Kontroll av lønsområdet i kommunen – Bruk av timelister.
- Evaluering av NN samarbeid.

- Tidsriktig rapportering til politisk nivå?
- Budsjettprosess / fordeling av ressursar.
- Oppfølging av vedtak i Jølster kommune.
- Gjennomgang av ulike reglement og arkivsystem/-ordning.
- Sjukefråværet – Årsak og samanhengar.
- Økonomistyring.
- Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike tenestoområder.
- Vurdere IT-IKT-samarbeid.
- Sjukefråværet – årsak og samanhengar.
- Sikring og bruk av kunst.
- Sunnfjord Miljøverk IKS.
- Organisering av legeordninga.
- Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Jølster kommune er delaktig i.
- Organisering av tenestene.
- Opptak av barn i barnehage.
- Søknad om plass i institusjon.

På grunnlag av overordna analyse skal kontrollutvalet lage ein plan for forvaltingsrevisjon som det skal tilrå for kommunestyret. Konkret blir kontrollutvalet si oppgåve å velje 4 – 6 prosjekt frå dei forslaga som ligg ovanfor, eller evt. andre prosjekt kontrollutvalet ynskjer å prioritere som skal leggjast inn i planen.

Det vert elles vist til vedlagte utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2012 – 2016.

Sekretariatet sine vurderingar:

Plan for forvaltingsrevisjon

Jølster kommune

2012 -2016



Jølster kommune

Innhald:

1. Innleiing
2. Prioritering

INNLEIING

1.0 Bakgrunn

I kommunelova § 77 pkt. 4 står det at kontrollutvalet skal sjå til at det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltinga føregår i samsvar med gjeldande reglar og vedtak, og at det vert gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå bystyret sine vedtak og føresetnader (forvaltningsrevisjon).

Forskrift om kontrollutval § 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyder slik:

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkekommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

1.1. Kontrollutvalet si rolle

Kontrollutvalet ynskjer å medvirke til fornuftig ressursbruk og god forvaltning i kommunen, og ser forvaltningsrevisjon som eit verkemiddel til å oppnå dette. Kommunestyret har det øvste ansvaret for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon, og kan gje instruksar om kva prosjekt om forvaltningsrevisjon som skal setjast i verk. Kontrollutvalet har ei tingarrolle overfor revisor i høve til forvaltningsrevisjonen som skal utførast.

1.2 Tidsperspektiv

Kravet i forskrifta er at planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon vert utarbeidd minimum ein gong i laupet av valperioden. Kontrollutvalet ser det ikkje som naudsynt å leggje planen fram for bystyret oftare med mindre det oppstår situasjonar i perioden planen gjeld for som gjer at kontrollutvalet finn dette føremålstenleg. Denne planen omhandlar prioriteringar og arbeid for perioden 2012 – 2015 eller fram til det vert laga ein ny plan.

1.3 Overordna analyse

Kontrollutvalet vil jobbe aktivt med å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på ulike område. Dette vil kunne skje gjennom ein dialog mellom kontrollutval, administrasjon, revisor og andre. Dette vil vere ein laupande prosess. Det er utarbeidd ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegskapsvurderingar. Analysen gjennomført av KRYSS-revisjon. Analysen er hovudgrunnlaget for prioriteringane i denne planen.

Føremålet med analysen har vore å framskaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen, slik at det i planen for forvaltningsrevisjon vert mogeleg å prioritere mellom ulike område der slike revisjonar vil vere aktuelle. Målet er å avdekke indikasjonar på avvik eller veikskap i forvaltinga sett i høve til lover, forskrifter og kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

1.4 Definisjon av forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er i kommunelova § 77, nr. 4 definert som ”..systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå bystyret sine vedtak og føresetnader.”

Innhaldet i forvaltningsrevisjonen er ytterlegare utdjupa i forskrift om revisjon § 7, første ledd:

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå bystyretsine vedtak og føresetnader. Under dette om

- a) *forvaltinga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med bystyret sine vedtak og føresetnader*
- b) *ressursbruken og verkemidla til forvaltinga er effektive i høve til måla som er sett på området*
- c) *regelverket vert etterlevd*
- d) *styringsverktøya og verkemidla til forvaltinga er føremålstenlege.*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organa samsvarar med offentlege utgreiingskrav*
- f) *resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med bystyret sine føresetnader og/eller om resultat for verksemda er nådd.*

Opplistinga er ikkje uttømmande.

PRIORITERINGAR

2.1 Generelt

Omfanget av forvaltningsrevisjon er avhengig av identifiserte behov og dei ressursar som vert stilt til rådvelde for oppgåva. Den gjennomførte analysen er ikkje uttømmande, og vil ikkje kunne ta omsyn til alle tilhøve. Han må sjåast på som eit verktøy til å gjere ei prioritering av område/tema som vil vere aktuelle for forvaltningsrevisjon. Konkret formulering av prosjektet må ein kome attende til når tingingsdokument skal utformast.

2.2 Prioriterte område for forvaltningsrevisjon i perioden

Kontrollutvalet har med bakgrunn i overordna analyse og i det som er nemnt over vurdert følgjande område som aktuelle for forvaltningsrevisjon i perioden:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.

Det kan tenkjast at kontrollutvalet gjennom sitt laupande arbeid vert kjent med tilhøve som etter utvalet si vurdering bør gjerast gjenstand for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet ber bystyret om å få høve til eventuelt å gjere omprioriteringar av framlagde plan / setje i gong forvaltningsrevisjon der dette vert vurdert som naudsynt. Resultat av slike eventuelle forvaltningsrevisjonar vil bli rapportert til kommunestyret etter gjeldande retningslinjer.

2.3. Rapportering av gjennomførte prosjekt

Kontrollutvalet vil laupande rapportere til bystyret om kva forvaltingsrevisjonar som er gjennomførde. I samsvar med forskrift om kontrollutval § 11 skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om kva forvaltingsrevisjonar som er gjennomførde og om resultata av desse. Kontrollutvalet vil oppfylle rapporteringskravet anten ved å sende rapportane vidare til bystyret for handsaming, eller ved å sende dei til kommunestyret som meldingssak. Det vil også bli opplyst om gjennomførte prosjekt og prosjekt under arbeid i kontrollutvalet si årsmelding til kommunestyret. Vidare er det kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltingsrevisjon vert følgde opp.

005/13 ÅRSMELDING 2012 FRÅ KONTROLLUTVALET I JØLSTER

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat

Dato: 05.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	26.02.2013	005/13	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyret		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2012 frå kontrollutvalet

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Jølster kommune vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

ÅRSMELDING 2012 FRÅ KONTROLLUTVALET I JØLSTER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet til kommunestyret

Saksopplysningar:

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gloppen, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Jølster kommunestyre

ÅRSMELDING 2012 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Jølster kommune har i år 2012 vore samansett slik:

Medlemer

Audun Høyvik
Vigdis Tønning
Tom Erik Sandal

Personlege varamedlemer for SP, AP, SV og FRP:

Helge Torpe
Hildegunn Sølvi Huus
May Ina Kjøsnes Jarning

Personlege varamedlemer for V, H og KRF

Arne Lesto
Hilde Yndestad Halland
Irene Lesteberg Holsen
Leif Gabriel Kapstad

SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø og Asgeir Tveit har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2012.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det laga eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltinga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2012 har kontrollutvalet i Jølster hatt fire møte der det er handsama i alt 27 saker.

Kontrollutvalet tinga forvaltningsrevisjonsprosjektet «verknad av organisasjonsendring ved pleie og omsorgstenesta i 2006» frå KRYSS-revisjon. Prosjektet vart levert i 2012. Rapporten vart sendt over til kommunestyret med råd om at funna i rapporten bør brukast vidare i kommunen si planlegging av pleie og omsorgstenesta.

Kontrollutvalet har i 2012 handsama overordna analyse utarbeidd av KRYSS-revisjon. Analysen er grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon som vert handsama på første kontrollutvalsmøte i 2013.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gloppen, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kontrollutvalet har også gjeve innstilling til plan for selskapskontroll for perioden 2012 – 2016 og sendt denne over til kommunestyre til handsaming.

Kommunestyret ynskte at det blei reist eiga sak i høve meirforbruk på vintervedkikehaldet i Jølster. Kontrollutvalet har difor bedt administrasjonen om ei skriftleg orientering i saka. Orienteringa vart sendt over kommunestyret til handsaming. Kommunestyret sendte saka tilbake til kontrollutvalet for å få eit konkret svar i saka. Kontrollutvalet har bedt administrasjonen utdjupe svaret til kommunestyret.

Kontrollutvalet har utanom kontrollutvalsmøte vore representert på følgjande arrangement for kontrollutval:

- Kontrollutvalsopplæring på Skei den 23.01.2012.

Kontrollutvalet har i 2012 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følge av måten sekretariat og revisjon er organisert, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett.

○ Som faste saker på saklista har kontrollutvalet "Skriv og meldingar", "Oppfølgingsliste" og "Eventuelt".

Utover det som er omtalt ovanfor har kontrollutvalet handsama "Møteplan for kontrollutvalet 2012", "Vurdering av revisor si uavhengigheit", "Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet" og "Årsrekneskapen 2011 for Jølster kommune".

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 4 med å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, gjennom å handsame sak om revisor si uavhengigheit og gjennom å følgje med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar med meir etter tinging frå kontrollutvalet.

○ Skei i Jølster den 14. februar 2013.

Audun Høyvik
Leiar

Vigdis Tonning
Nestleiar

Tom Erik Sandal

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

06/13 EIGENVURDERING OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 05.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	26.02.2013	06/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

Saksvedlegg

Oppdragsansvarleg revisor si vurdering av uavhengigheit, datert 11 januar 2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.
Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Det er kontrollutvalet sitt ansvar at ansvarleg revisor kvart år dokumenterer si uavhengigheit. Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Jølster kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 11.02.2013 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Viser til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15

Sitat:

” Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. ”

Saksopplysningar:

Terje Førde, oppdragsansvarleg revisor for Jølster kommune, har i brev datert 11.02.13 gjeve ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengighet. Sjå vedlegg.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert si uavhengighet med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i eigenvurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t uavhengighet og objektivitet overfor Jølster kommune.

*Til Kontrollutvalet
i Jølster kommune*

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Revplan 2013\
Erklæring2013Jølster

Arkivkode:

216&30

Journalnr.:

004 / 2013

Dokumentdato:

11. januar 2013

VURDERING AV UAVHENGIGHEIT JØLSTER KOMMUNE

Innleiing:

Jølster kommune sin revisor er *Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord*; etablert som eit interkommunalt revisjonssamarbeid, organisert etter Kommunelova § 27, med tilhøyrande samarbeidsavtale og vedtekter. I det daglege nyttar ein forkortinga KRYSS Revisjon. I følge forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun oppdragsansvarlege revisorar som plikter å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor sin skriftlege eigenvurdering vil ligge ved som eit vedlegg til dette punktet.

Både Kommunelova (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærare beskrivne nedanfor.

Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. Kommunelova § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretek revisjon
4. ha nærståande (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

I tillegg stiller lova, § 79, og forskrifta, § 14, følgjande begrensningar:

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora

Tlf. 57 75 60 97

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular

Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde

Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. 57 78 85 47

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine eigne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver
7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollova
8. det må ikkje ligge føre andre særskilte forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene

Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor:

Pkt. 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon).</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<i>Underteikna stadfestar at det for tida ikkje vert ytt rådgjevingstenester eller andre tenester overfor kommunen som kjem i konflikt med denne bestemmelsen.</i> <i>Før slike tenester vert utført av KRYSS Revisjon, blir det gjort ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med bestemmelsane i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i> <i>Revisor besvarer daglege spørsmål og henvendelsar som er å betrakte som veiledning og bistand i det løpande forvaltningsarbeidet i kommunen, og ikke revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i>
Pkt. 6: Tenester under kommunen sine eigne leiaroppgåver og kontrolloppgåver (intern kontroll, m.v.)	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor kommunen som høyrer inn under kommunen sine eigne leiaroppgåver og kontrolloppgåver.</i>

Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller KRYSS Revisjon for tida opptrer som fullmektig for Jølster kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særeigne forhold	<i>Underteikna kjenner ikkje til andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor Jølster kommune.</i>

Førde den 11. januar 2013



Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef

Kopi:
Jølster kommune v/Rådmannen
Jølster kommune v/Ordføraren

Til KRYSS-Revisjon
v/dagleg leiar Terje Førde
Postboks 487
6802 FØRDE

Kopi: Kontrollutvala

Dykkar ref.:

Vår ref. :
Revplan 2013

Arkivkode :
216&30

Journalnr. :
004/2013

Dokumentdato:
07.01.2013

Vurdering av uavhengigheit - Revisjonsplanen for Askvoll Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal og Solund kommune 2013

Innleiing:

I følge forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval. Slik uavhengigheitsvurdering ligg føre frå dagleg leiar/revisjonssjefen si side i skriv til Kontrollutvalet.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun oppdragsansvarlege revisorar som plikter å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor sin skriftlege eigenvurdering vil ligge ved som eit vedlegg til dette punktet, der også denne uttale frå utøvande revisor(ar) vil ligge ved.

Både KommuneLOVA (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærmare beskrive nedanfor.

Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. KommuneLOVA § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretek revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

I tillegg stiller lova, § 79, og forskriften, § 14, følgjande begrensningar:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine eigne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollova
8. det må ikkje ligge føre andre særreignar forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene


Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor, når det gjeld utøvinga av revisjonsarbeid, m.v., overfor kommunane nemnt i overskrifta, evt. kommunale føretak innafor kommunane, og øvrige føretak/verksemdar tilknytta KRYSS Revisjon sin oppdrag overfor desse:

Pkt. 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon).</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt rådgjevingstenester eller andre tenester overfor kommunen som kjem i konflikt med denne bestemmelsen.</i> <i>Før slike tenester vert utført av KRYSS Revisjon, blir det gjort ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med bestemmelsane i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i> <i>Revisor besvarer daglege spørsmål og henvendelsar som er å betrakte som veiledning og bistand i det løpande forvaltningsarbeidet i kommunen, og ikkje revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i>
Pkt. 6: Tenester under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver (intern kontroll, m.v.)	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor kommunen som høyrer inn under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller KRYSS Revisjon for tida opptrer som fullmektig for kommunen eller nokon del av oppdraget.</i>

Pkt. 8: Andre særegne forhold

Underteikna kjenner ikkje til andre særegne forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor kommunen.

Førde den 07. januar 2013


Charles Litsheim
Charles Litsheim
Revisjonssjef forvaltning

007/13 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I JØLSTER 2013

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat

Dato: 05.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	26.02.2013	007/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Forslag til møteplan 2013.
- Møtekalender for Jølster kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Møteplan for kontrollutvalet i Jølster for 2013 vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I JØLSTER 2013

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Møteplan for kontrollutvalet i Jølster for 2013.

Saksopplysningar:

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i 2013 i dei ulike kommunane. I planen for kvar kommune er det, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i desse, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og bystyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for kva tid det skal vere møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem på og som hastar eller av andre årsaker. Møteinncalling vil alltid bli sendt ut i førekant av møte, og hovudsakleg skal dette skje minst ei veke før møtet vert halde.

Sekretariatet sine vurderingar:

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVAL JØLSTER KOMMUNE 2013

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL		14.			6.				12.		20.	
FORMANNSKAP	29.	26.	19.	16.	14.	4.		27.	17.	29.	26.	
KOMMUNESTYRE			5.	23.		18.			24.		5.	10.

Møteplan 2013

Etter drøfting i formannskapet og utvala.

Første halvår 2013	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni
Kommunestyret			5.3.	23.4.		18.6.
Politikardag			5.3.	23.4.		
Formannskapet	29.1.	26.2.	19.3.	16.4.	14.5.	4.6.
OKH		27.2.		17.4.		5.6.
UPU	30.1.	27.2.		17.4.		12.6.

Andre halvår 2013	Juli	August	September	Oktober	November	Desember
Kommunestyret			24.9.		5.11.	10.12.
Politikardag			24.9.			
Formannskapet		27.8.	17.9.	29.10.	26.11.	
Budsjettmøte: Formannskap + gruppeleiarar					12.11.	
OKH			18.9.	30.10.	27.11.	
UPU			18.9.	30.10.		04.12.

Kommunestyret:

Tysdagar kl 13.00

Politikardag:

Tysdagar kl 9.00

Formannskapet:

Tysdagar kl 13.00

OKH:

Onsdagar kl 12.30

UPU:

Onsdagar kl 12.30

008/13 OPPFØLGINGSLISTE 1-2013 JØLSTER

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 05.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	26.02.2013	008/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 1-2013 Jølster.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 1-2013 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

008/13 OPPFØLGINGSLISTE 1-2013 JØLSTER

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 05.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	26.02.2013	008/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 1-2013 Jølster.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 1-2013 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Oppfølgingsliste 1-2013 - Jølster.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Jølster kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
04/10 Tiltak kontrollutvalsarbeid	15.02.10		15.02.10 Vedtak KU - Orientering om drifta på dei ulike områda - Tertialrapportar. - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen - Kvalitetsrapportar revisor - Orientering frå revisor
11/12 Orientering om vintervedlikehaldet v/rådmannen.	10.05.12		10.05.12 Vedtak KU Ber om skriftleg orientering. 11.05.12 s brev til Jølster kommune.
13/12 Eventuelt.	10.05.12		10.05.12 Vedtak KU – Be kommunen om å leggje møteplan inn på kommunen sin elektroniske møteplan. 11.05.12 s e-post til kommunen.
016/10 Forvaltnings revisjonsprosjekt "Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006"	28.09.12		28.09.12 Vedtak i KU – Det vert vist til revisjonsrapporten «Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006», datert 04.09.2012. Funna i rapporten bør brukast vidare i kommunen si planlegging av pleie- og omsorgstenesta, særskilt i samband med samhandlingsreforma. 01.10.12 Rapport sendt over til kommunestyret med tilråding til vedtak. 13.11.12 Vedtak kst sak 067/12
017/12 Orientering om vintervedlikehaldet v/rådmannen.	28.09.12		- 28.09.12 Vedtak i KU – Kommunestyret viser til brev frå rådmann - Kommunestyret viser til kontrollutvalssak 018/12 Kommunestyret tek orienteringa frå rådmannen til vitande. 01.10.12 Rapport sendt over til kommunestyret med tilråding til vedtak.
021/12 Godkjenning innkalling og sakliste.	17.12.12		17.12.12 Vedtak i KU – Ingen merknadar til innkalling og sakliste.
022/12 Skriv og meldingar.	17.12.12		17.12.12 Vedtak i KU – Skriv og meldingar vert tekne til vitande.
023/12 Overordna analyse – Jølster kommune			17.12.12 Vedtak i KU - Det vert vist til dokumentet «Overordnaanalyse for Jølster kommune» med vedlegg, datert 09.11.2012 og presentasjon av Overordna analyse av KRYSS-revisjon i møtet. Overordnaanalyse vert å nytte som grunnlag for å prioritere prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2016. Plan for forvaltningsrevisjon vert lagt fram som eiga sak på neste møte.
024/12 Orientering – Vintervedlikehaldet v/rådmannen	17.12.12 1 2 1 2		17.12.12 Vedtak i KU - Kontrollutvalet viser til kommunestyrevedtaket 068/12 «Vintervedlikehald» den 13.11.2012. Kontrollutvalet ber rådmannen utdjupe nærmare spørsmål i strekpunkt 2 og 3 i brev «Meirforbruk av vintervedlikehaldet» frå kontrollutvalet til Jølster kommune den 11.05.2012: -Kva som var grunnlag for betaling til kontraktørane utover det som var kontraktfesta. -Om det vart gjort likebehandling av kontraktørane i

			samband med ekstrabetaling. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding frå rådmann innan 1. februar 2013. 18.12.12 Sendt brev til rådmannen. Ikkje motteke svar
025/12 Plan for selskapskontroll - Jølster kommune	17.12.12		17.12.12 Vedtak i KU – Planen for selskapskontroll i Jølster kommune for perioden 2012 – 2015 vert godkjent. 18.12.12 Saka sendt til KS
026/12 Oppfølgingsliste 4-2012 - Jølster	17.12.12		17.12.12 Vedtak i KU - Oppfølgingsliste 4-2012 vert teken til vitande.
027/12 Eventuelt	17.12.12		17.12.12 Vedtak i KU – Neste møte i kontrollutvalet i Jølster kommune vert helde 26. februar 2013.

Oppdatert 14.02.13.

009/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 14.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	26.02.2013	009/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.